GAMALT FRÅ NUMEDAL
IV

TOV FLATIN

GAMALT FRÅ NUMEDAL

IV



KRISTIANIA
OLAF NORLI'S FORLAG
1920

Kølbelske Bok- og Kunsttrykkeri, Oslo

FYREORD

Sender hermed ut ei ny samling „Gamalt frå Numedal". Eg hev her nytta berre bygdemål, trur dette er ei vinning. Forteljingi fær dermed ein heilare heimedåm yvi seg.

Lyngdal i Numedal, 5te mai 1919.

T. F.

Eventyr.

HEIMEFUGGELEN.

(Frå Nore).

Gauken o ørrin o tøppin va brøar, o so ha dei gjort den avtala, åt den, som fysst vakna om mørgon, skulde vera heimefuggelen.

«No ser e so-o-le!» sa tøppin han va vakjin fysst han.

«Hu, hu! mi ku! Gullpru!» sa gauken, då vakna han.

«Prrr, kjære brør, kjære brør, skjifte rett!» sa ørrin, han blei sist.

So blei tøppin heimefuggelen, o dei andre laut vera ville.

DÅ DYRE KONNE TALA.

(Frå Nore.)

«Må! e vil over aa!» sa kjyre.

«Blæ! fær e vera mæ!» sa sauen.

«Me, he he!
e vil oppi bærje e,
e vil inkje væte me paa beine e!» sa gjeite.

* * *

«E kjenne me kje lenger mett, hell jarne æ hett;» séa sauen.

HÅ KJYRE O HESTEN KAUT SE.

(Frå Nore.)

Kjyre kaut se, åt dei fysst vilde mjølke bakpattan. Dæ va alt ho vilde, mein' e.

* * *

Hesten kaut se, åt dei inkje vilde snøye rova o tøtten.

LUSINOTTE DEN LÅNGE

(Frå Uppdal.)

«Lusinotte den långe!» sa kjyre, o beit tri vendu i bande.

«Ho æ som to!» sa bøkåren.

«Fall fari, høtt o æ!» sa gjeite.

KAIN.

(Frå Nore.)

«Hu, bror!» sa Kain mæ sama 'n kjøyrde kniven i bror sin.

Sea blei'n te ein fuggel o konna kje séa ana.

JASIN.

(Frå Nore.)

Jasin såg se ingje rå, mæ o leva lenger, før'n måtte floge o vera rædd alle ting i verden.

So reist'n utåt ein bekk o vilde gjera ve se.

Men daa 'n kom neåt, fekk 'n sjå ein fisk som flaug o va rædd. Då blei'n so gla, 'n sette te o læ, so lippun rivna, o soleis vart'n haramynt.

RØVEN O BJØNN.

(Frå Nore.)

Røven o bjønn ha so månge greiu ihop. Eingong so skulde dei saa næpu. Då dei va utvøksne, so skulde røven deile, han, o so la 'n kå*l*en før se o røtan før se, o bjønn skulde faa taka antel'n vilde ha rote hell tøppen. Dæ-mæ so vilde 'n ha tøppen, han, o so fekk'n berre kå*l*en, veit du.

Andre åre sådde dei havri, o då deila røven, då mæ, o bjønn skulde faa taka.

«Ja, ifjo*r* tok e tøppen, no vil e ha rote,» sa'n, o so fekk'n no ha*l*men då.

Men so va dæ ein an gong, so hadde bjønn sli ein hest o låg o åt på. So kom røven.

«Hør har du fengje tak i so go mat?» sa'n.

«Jau, dæ ska e séa de. Når du kjem over ein hest, som ligg o søv, so ska du tulle de væl inn i rova paa 'n, o so ska du tverrskrike, so hoppa hesten ende opp, o so dett 'n dau neatt.»

Ja, so luska røven avga*r*e o fann ein hest, som låg o svav, o so tulla 'n se væl inn i rova på hono o sette i o skrike. Hesten opp o i tan dæ 'n orka. Lei på møtte dei bjønn.

«Hør ska du hen no Mikkel?» sa bjønn.

«Fritt skjuss te min døl» svårå røven.

Då va dæ bjønn, som narra røven.

SKRUBBEN O RØVEN.

(Frå Dagalid.)

Dæ va eingong, skrubben o røven va ute o veia. So sa 'n dæ, røven, åt *følk* va dei verste dyre o koma ut før. Skrubben trudde kje dæ; men so sa røven, han konna prøve, o dæ vilde hin mæ. So la dei se attmæ ein veig te lure o vilde taka *følk*, når dæ kom nokon.

Lei på kom dæ eit bån.

«Æ datta *følk*?» sa skrubben.

«Nei, datta ska *bli* *følk* dæ!» sa røven.

So låg dei eit bel, o so kom dæ ein gamall mann.

«Æ datta *følk*?» sa skrubben.

«Nei datta har *vøre* *følk*, dæ!» sa røven.

So låg dei eit bel, o so kom dæ ein jæger.

«Æ datta *følk* då?» sa skrubben.

«Ja, dattan æ *følk*, dannan kan du taka!» sa røven.

Skrubben upp o vilde setja på jægeren, o han skaut, so varmegneistan fauk. Men skrubben riste berre på skallin o sette på, so jægeren måtte taka den långe kniven sin o dengje på 'n mæ den. Då tok skrubben hyven.

Eit bel etter råka 'n att røven, o han spurde, høss'n dæ gjekk.

«*Følk* æ dei verste dyre, som æ te,» sa skrubben. «Fysst so tok 'n sløkjepipa si o bles nokon ber beint i augo på me, so dæ svei so illhervele', o etterpå drog 'n ut eit siebein o pæ*l*ma på me mæ, so e tenkte, 'n ha drepe me.»

KRÅKA SAT PÅ GA*R*STAUR.

(Frå Nore.)

Kråka sat på ga*r*staur o ropa etter nåvår.
«Hå vil du mæ den?» sa skjere.
«E vil gjera slee!»
«Hå vil du mæ sleen?»
«Kjøyre høy!»
«Hå vil du mæ høy?»
«Gjeva kjyre!»
«Hå vil du mæ kjyre?»
«Mjø*l*ke mjø*l*k!»
«Hå vil du mæ mjø*l*k?»
«Yste ost!»
«Hå vil du mæ osten?»
«Gjeva prosten, før han æ so f*l*ink te i kyrkja o kvea.»

HÅ SU*L*O SEA.

(Frå Nore.)

«Jomfru Maria la me te, åt e ha stø*l*e saks o skjere; men neimenn ha kje e e e!» séa su*l*o.

* * *

«Gjenter o gutter, gjenter o gutter ligger på låvin,
klapper o kjysser, klapper o kjysser; dæ æ noko ana e inkje vil gjeta — men e sitter o s e e e r » séa su*l*o.

PELE.

(Frå Lyngdal.)

Dæ va enngong enn gutt, som skulle gjæta ei gjeit, som 'ette Pele. Men så vill' o kje heim te

kongsgå*r*en så seint om kvæ*l*n. Så gjikk 'n lite, så møtt 'n enn bjønn.

«Bjønn vil du bytte Pele; Pele vil kje heim te kongsgå*r*en så seint om kvæ*l*n,» sa gutten.

«Nei!» sa bjønn.

Så gjikk 'n lite, så møtt 'n enn mann.

«Kjære mann, skjyt bjønn; bjønn vil inkje bytte Pele, Pele vil inkje heim te kongsgå*r*en så seint om kvæ*l*n.»

«Nei!» sa mann.

Så gjikk 'n att, å så møtt 'n enn stav.

«Kjære stav, slå mann; mann vil inkje skjyte bjønn, bjønn vil inkje bytte Pele, Pele vil inkje heim te kongsgå*r*en så seint om kvæ*l*n,» sa han.

«Nei!» sa staven.

Så gjikk 'n et bel, så møtt 'n enn værme.

«Kjære værme, brenn staven; staven vil inkje slå mann, mann vil inkje skjyte bjønn, bjønn vil inkje bytte Pele, Pele vil inkje heim te kongsgå*r*en så seint om kvæ*l*n.»

«Nei!» sa værmen.

Så gjikk 'n ett stykkjy, så møtt 'n et vatn.

«Kjær vatn, sløkk værmen; værmen vil inkje brenne staven, staven vil inkje slå mann, mann vil inkje skjyte bjønn, bjønn vil inkje bytte Pele, Pele vil inkje heim te kongsgå*r*en så seint om kvæ*l*n.

«Nei!» sa vatne.

Så gjikk 'n att, så møtt 'n enn ukse.

«Kjære ukse, drekk vatne; vatne vil inkje sløkke værmen, værmen vil inkje brenne staven, staven vil inkje slå mann, mann vil inkje skjyte bjønn, bjønn

vil inkje bytte Pele, Pele vil inkje heim te kongsgåren så seint om kvæln.»

«Nei!» sa uksen.

Så gjikk 'n ett bel, så møtt 'n et reip.

«Kjære reip, stryp uksen; uksen vil inkje drekke vatne, vatne vil inkje sløkke værmen, værmen vil inkje brenne staven, staven vil inkje slå mann, mann vil inkje skjyte bjønn, bjønn vil inkje bytte Pele, Pele vil inkje heim te kongsgåren så seint om kvæln.»

«Nei!» sa reipe.

Så gjikk 'n ett bel att, så møtt 'n ei mus.

«Kjære mus, skjer reipe; reipe vil inkje strype uksen, uksen vil inkje drekke vatne, vatne vil inkje sløkke værmen, værmen vil inkje brenne staven, staven vil inkje slå mann, mann vil inkje skjyte bjønn, bjønn vil inkje bytte Pele, Pele vil inkje heim te kongsgåren så seint om kvæln.»

«Nei!» sa musa.

Så gjikk 'n ett stykkjy te, så møtt 'n ei katte.

«Kjære katte, ta musa; musa vil inkje skjera reipe, reipe vil inkje strype uksen, uksen vil inkje drekke vatne, vatne vil inkje sløkke værmen, værmen vil inkje brenne staven, staven vil inkje slå mann, mann vil inkje skjyte bjønn, bjønn vil inkje bytte Pele, Pele vil inkje heim te kongsgåren saa seint om kvæln.»

«Nei!» sa katta.

Så gjikk 'n lite, så møtt 'n ein rev.

«Kjære rev, ta katta; katta vil inkje ta musa, musa vil inkje skjera reipe, reipe vil inkje strype

uksen, uksen vil inkje drekke vatne, vatne vil inkje sløkke værmen, værmen vil inkje brenne staven, staven vil inkje slå mann, mann vil inkje skjyte bjønn, bjønn vil inkje bytte Pele, Pele vil inkje heim te kongsgå*r*en så seint om kvæ*l*n.»

«Nei!» sa reven.

Så gjikk 'n att, å så møtt 'n enn skrubb.

«Kjære skrubb, ta reven; reven vil inkje ta katta, katta vil inkje ta musa, musa vil inkje skjera reipe, reipe vil inkje strype uksen, uksen vil inkje drekke vatne, vatne vil inkje sløkke værmen, værmen vil inkje brenne staven, staven vil inkje slå mann, mann vil inkje skjyte bjønn, bjønn vil inkje bytte Pele, Pele vil kje heim te kongsgå*r*en så seint om kvæ*l*n.»

«Ja!» sa skrubben.

Å skrubben etter reven, å reven etter katta, å katta etter musa, å musa etter reipe, å reipe etter uksen, å uksen etter vatne, å vatne etter værmen, å værmen etter staven, å staven etter mann, å mann etter bjønn, å bjønn etter Pele, å Pele mot enn lyuvegg å slo a sei både lår å legg.

REINF*L*IPEN.

(Frå Lyngdal.)

Dæ va enngong ei kjæring, som sat å båkå. Så skapte Vårherre sei om te enn fattimann å kom å ba' o etter enn brøsleiv. Men kjæringa vill' inkje gje 'n enn stor leiv, å så tok 'o ett lite emne. Men den leiven vart likså stor som døm hine. Så tok 'o ett endå mindre emne, men leiven vart hell større,

å sålessa hølles dæ. Teslutt rann deigen utover bakstebo*r*e fær 'o.

«Je meiner, dæ æ færgjo*r*t, je!» sa 'o, å hadd' inkje rå te gje fattigmann non a døm.

Da peka Vårherre bort i pisten, å kjæringa vart te enn liten fuggl, som flaug oppimøllom pipa.

«F*l*ip!» sa dæ mæ same, 'n flaug.

Da 'n kom opp, va 'n så svett' at dæ rann ta 'n.

«Drypp, drypp!» sa dæ.

Hver gong dæ kjem regn, læt denna fuggelen såså. Defær kællæs 'n regnf*l*ipen.

SKOMAKÆREN, SOM KAPPSYDDE MÆ FA'N.

(Frå Flesberg.)

Dæ va enngong fa'n ville kappsy mæ enn skomakær. Så vill 'n vara lur, gamme*l*en da, ser du, å tok så gje*r*løst lang rispe, utta 'n ville sleppe skjifte så tidt. Men fær hver gong 'n skulde dra te, mått 'n springe bo*r*over go*l*ve, å detta veiva 'n sei så bort mæ, at komakæren vart fæ*r*i lengen fyri 'n.

Da vart fa'n så lei sei, at døm såg 'n æller meir der i huse.

Segnir.

HAUGETYE PÅ GVÅ*L*E.

(Frå Nore.)

På Gvå*l*e va dei så plågå tå haugety. Hørr ju*l*efta måtte dei ryme åt stallen før dei.

So va dæ ein ju*l*efta, dei ha børe på bo*r*e som dei gjo*r*e i gamall ti. Datta va i ufresåro, o so kom dæ ein sjersant o ba om hus.

«Nei, me hava nok inkje hus sjø*l*ve me,» svårå dei, o so førtalde dei, høss'n datta hadde se.

Ja, meinte man, konna 'n berre få vera der, so skuld 'n nok inkje vera rædd. O dæ fekk 'n.

So ha 'n ein gvit hond, o den la se i pisten, o sjø*l* la 'n se i sengje, då 'n ha ete o gogjort se tå ju*l*ematen.

Lei på kvell so kom dæ inn ett heilt skrei mæ kvennfo*l*k o kara o sette se te eta, o sea te danse o duste se. Då klemde dannan man i sengje te skjote o bikkja te gjøy. Då sette dei på dynne. Men so va dæ ein gamall kall, som ha kome attom dynne.

«Stussle ju*l* paa Gvå*l*e iår! Stussle ju*l* på Gvå*l*e iår!» sa 'n.

Sea sette dei på gvite ka*l*var på ga*r*n o ha dei gangan i tone. Då vart dei kvitt haugetye på Gvå*l*e.

GUTEN O BJØNN.

(Frå Uppdal.)

Dæ va eingong ein bjønn, som ha rivi ongjen tor ei kjering o *al*a 'n upp. O dannan gutongjen fylde bjønn alle sta'r, der 'n fór.

Men so va dæ eingong noko skyttara kom over dei, dei gjekk åt på ei kortemyr båe tvo. O so skaut dei bjønn.

«Lønnepapa'n min! Lønnepapa'n min!» sa 'n o gret o bar se.

Dei tok 'n mæ se heim; men 'n va som eit skogdyr alt 'n levde.

HOSS'N ENN SKULLE BLI GO TE LEIKE.

(Frå Lyngdal.)

Nå' en ville bli go spellemann måtte enn gå te Gjuvefossen i Gjuveli-grenna å kaste enn grå sau te.

Dæ va enngong enn gutt, som ville lære leike, å så gjikk 'n te fossen, men kasta berre non bein te. Da sa dæ i fossen:

«Du skæ lære å stille, men inkje å slaa; du ga' mei bein, men inkje no på!»

Gutten fekk kje lært leike, men stille fela sku 'n vørte så gje*r*løst go te.

KJYRA Å TROLLKJÆRINGA.

(Frå Lyngdal.)

På Fjøse i Svene va dæ ei kjyr, som stødt stelte sei te lanne, nå' døm sku mjø*l*ke 'o. Så va dæ enngong mann au fø*l*'de te fjøse. Da gjenta bynnte mjø*l*ke, bynnte kjyra te lanne, som ho p*l*å. Da ga' mann 'o enn dask i føa mæ nævan, å så sa 'n dæ te

gjenta, at ho skulde glana etter, om dæ kom non mæ sår kjeft.

Dagen etter kom dæ ei kjæring å bar sei så ille, 'o hadde så sår kjeft. Dæ va ho som gjo*r*e, at kjyra bynnte lanne stødt, nå' døm mjø*l*ka 'o. Dæ skøltes fær gjenta, som mann slo te kjyra i føa, da 'n f*l*eisa te kjæringa i kjeften.

MANN SOM HENTA ÆLTERBOKA.

(Frå Lyngdal.)

Dæ va enn mann, som sku gå inn i kjørkja etter ælterboka etter dæ va mørt om kvæ*l*n, men han måtte kje glana sei attende, nå 'n gjikk utatt, sa presten. Men da 'n kom neimot dynna, vrei 'n lite på hue lell — å da vart dæ ståens slekk sea.

ØRMEHAMSEN.

(Frå Flesberg.)

Ørmehamsen 'ette enn mann uti Svene. Han hadde ørmeham, å såg så fæ*l* ut, at dæ gvakk i fo*l*k, nå' døm såg 'n. Om våren va 'n værst; da va dæ så dæ druste ta 'n, nå 'n strauk sei over anlete.

Han budde åleine i ei stugu oppi mørka åvåfyre Gvila, fær 'n fekk kje vara, der andre fo*l*k va. Fór ikring å ba sei å skræmte mest vette ta ongæn, nå' 'n kom te ga*r*s.

Mor hass hadde enn ørm, 'o dyrka på i fjøse. Så va dæ enn sønnda', ho nøyta sei så bli fæ*r*i', fær 'o ville te kjørkja. Dæmæ hadd 'o glømt gjitt ørmen mjø*l*k, da 'o va i fjøse om mårån. Da gjikk 'o mæ denna gutten. Som 'o kom heimatt å skulde mjø*l*ke

om kvæ*l*n, så va ørmen vill fær 'n ha kje fått drekke sitt, å så stakk 'n kjæringa.

Bäne 'o gjikk mæ vart denna Ørmehamsen.

VEIGEN ÅT DØM UNNERJORDISKE.

(Frå Flesberg.)

Over Nerteigsgjo*r*e gjikk dæ enn veig, som va åt døm unnerjordiske. Dær va dæ berre svarte jo*r*a, voks æller ett grønt strå, enda 'n gjikk over feitaste ækrun. Døm pløygd 'n opp; men veigen visa sei den same i åkeren au. Hestæn va så rædde denne veigen, døm vart heiltopp gæ*l*ne, nå' døm kom innåt 'n. Døm såg døm, som gjikk dær, døm, måtta.

'ULDREKVENNA I TEKSLEHØGGE.

(Frå Lyngdal.)

Unner enn ber'svegg oppi Tekslehøgge ser enn åv å te dæ står mjø*l*gjøyva høgt i vère. Dæ æ 'uldra, som mè*l* på mylla si.

PÆR ØLSTEIN.

(Frå Lyngdal.)

Toåkjugende februar kællæs Pær Ø*l*stein. Da hævde Pær enn varm stein i vatne, så dæ vart enn ø*l* i dæ. De'fær frys æller vatne bort om vinteren etter den ti.

MARIT KJEFTEN.

(Frå Lyngdal.)

Ho Marit Kjeften va mor te O*l*a Larsson Foss, som vart drepen i 1839. 'O va o*r*gjeti fær kjeften sin, de'fær hadd 'o fått detta tenamne au.

I 1814 kom 'o te Prestga*r*n å k*l*aga si nau fær

'o ingen mat hadde. Ho hadde ti mæ sei noko måsåbrø, å ba prostinne Engelhært smaka på maten, *døm* laut eta. Ho tok enn bæta å tøgge på å så ha ho 'n ut att.

Då beit 'o Marit i:

«Nei, du må kje sputt 'n utatt! Vi får å sve*l*j 'n, vi!» sa 'o.

Da 'o skulle te gå att fra Prestga*r*en, fø*l*de gam*l*e prestefar 'o ut å ta*l*a b*l*ile' å vent te 'o.

«Du får leve vel da, min kjære Marit!» sa 'n.

'O gjikk non steg bo*r*over tone, så sløngde 'o mæ hue attende å ropa i sinne:

«Je har kje no leva *væl* ta je!»

Heimle va 'o ei fæ*l* skorpu mæ mann å ongær.

«Ta mårå-bønna di, Ola, å bønningen din, Ambjør! Je vil, di ska bli f o *l* k, je, å inkje krøttør!» hærmer døm etter 'o.

NÅ' TROLLMÆNNÆN SKÆ FARA I JO*R*A.

(Frå Lyngdal.)

Fær lang ti sea va dæ enn trollmann i Teksle. Døm meinte, 'n hadde selt sei te Den vonne. Da 'n va dø å døm skulle te kjørkja mæ like, så va kje hesten go te fløtta slean ta f*l*ekken. Som døm hadde baska i lang ti, bár dæ nå endele løst, å da tok hesten ut, så døm æller slek syn hadde sett. Heile veigen frametter fø*l*de dæ ett skrei mæ skjære å skratta å læt å hølle ei fæ*l* leven. Råka dæ, fæ*r*a stansa, så sette skjæra sei i veigen ett stykkjy bakanfær, å døm vart kje kvitt døm, før like va kømme i jo*r*a.

* * *

I Svene va dæ likfær etter enn trollmann enngong. Da døm kom te kjørkja med like, kom dæ flygannes ett skrei mæ skjære å sette sei på kjørkjetake å skrata å let.

* * *

Dæ æ gammæll tru, at skjæra æ tenaræn åt Den vonne. Om såmmåren æ døm borte ett bel å da kjører Den vonne i hus mæ døm. Nå' døm kjem att, æ døm fælt stygge.

Nå' slekke, som hørte Den vonne te, for i jora, va skjæra mæ i likfæra.

DÅ FA'N BAR STAUR I SAUPSÆTSKOGJEN.

(Frå Uppdal.)

Dæ va ein, som løyste fa'n o ha 'n te bera staur i Saupsætskogjen i Rollag. Men so va dæ so trongt der, o somme staura va långe, o somme va stutte, o somme peika hit, o somme dit o sette se fast inni dei tronge holte. Då grét 'n o bar so ille vonnt va dæ.

HAN MAGNUS ÅSBER' O FA'N.

(Frå Uppdal.)

Magnus Åsber' heitte ein trøllmann i Døgøli. Eingong ha 'n vøre eit ærenn heimi Uvdal, o so kom 'n ette 'n ha mist pæningpongjen, då 'n kom heimatt. Då løyst 'n fa'n, o han ha kje ono raa 'n tok man mæ se, før 'n ha fengje matstelt se etter reisa jamvæl, o tok ut mæ 'n radt åt Långedøkk heimi ve Brostru. Der ha 'n Magnus løyst buksa, o der låg pongjen.

* * *

So va dæ eingong, 'n hadde kasta burt kniven sin mæ, han Magnus, o so løyst 'n fa'n te finn 'n att. Men då sjø*l*gutin kom, tok 'n te riste o skaka so styggt i vogga, der låg ein litin ongje o svav.

«La vera ongjen o finn att kniven!» kvæste Åsber'n.

Då sprang høgsætfjø*l*e upp, o der låg kniven — ongænn ha smetta 'n nei.

* * *

Han Magnus o nøkle andre døgøliingar vilde setja upp ei mylle ve ein føss i Løgjen. Men so låg dæ ein stor stein midt burti føssen, o dannan stein visste dei se inkje rå mæ o få onda. Ein sondag va både Åsber'n o dei andre karan der. Då tok 'n Magnus te lesa noko ve se sjø*l*, o då sågo dei, at stein dreiv på aka se te sies. Dæ va sjø*l*gutin, som va uti o lea mæ 'n. Men 'n va so vrang, 'n let 'n liggje mæ ei nøs ivegen før renna, so dei fekk eit fælt arbei mæ o få vatne fram te kvenne.

HAN HÆLLSTEIN BUSERU.

(Frå Lyngdal.)

Han Hællstein Buseru ville hatt Da*l*aga*r*en, som bestefar fekk. Da dæ inkje gjikk fær 'n vart 'n vill, å så fekk 'n tak i enn østante, som skulle mana skrubb te buskapen hass bestefar, å den dagen kom dæ au to skrubbær å tok enn krakasau; men meir vart dæ nå kje a dæ.

* * *

Han skulle kunna noko 'n Hællstein au. Døm færtèl, 'n brente eisur, å da dæ hadde brønne ett bel, te 'n tåtte, dæ va nok så las 'n noko, så slokna værmen. Dæ va hell som 'n gvakk noko au, mæ samma 'n såg værmen tok te dovne ta lesinga, færta*l*t 'n etterpå.

* * *

Han Hællstein kunne færgjøra folk au han, så døm vart glae i ett menneskje, mest håss'n dæ va laga. Dei færtè*l*, 'n skjenkte 'n Knut Letmolia enn dram enn gong, og da 'n hadde ti den drammen, vart 'n så g*l*a i He*l*gje, dåtter hass Hællstein, at 'n kunn' kje vara ifrå 'o, å før som 'n ha nå kje meir-ell-så sett på den kanten 'o va. Døm vart gjifte au; men da døm hadde vøre te presten, va kjærleheta borte.

HAN HONDE-KNUT.

(Frå Flesberg.)

Enn tater 'ette Honde-Knut fór over her fær lang ti sea. Han kunne ta live ta fo*l*k, om døm va æller så langt unna, der han va.

Oppi Rølla va dæ enn, som va så hærm på to mennær deroppi, at 'n legde 'n Honde-Knut te gjøra *ve* døm. Dæ va non, som hadde sti lydd på døm svælla, å da hadd 'n Knut spurt om 'n sku ta begge mæ enn gong.

Lite etter dø døm så tvært båe dessa mennæn.

Døm, 'n skulle gjøra *ve* på denna måten, måtte enngong ha hannflitt 'n enn ting, elles hadd 'n inkje noko makt mæ døm.

ENN FUGGLEMANÆR.

(Frå Flesberg.)

Han Ola, bror min, færtalte, dæ va enn mann utpå Eiker, som kunne tvinge fuggelen te setta sei, nå 'n såg 'n flaug.

ANGERSTÅL.

(Frå Flesberg.)

Stykkjyr, døm hadde høgge tor økse-eggen kalla døm angerstål. Døm skulle samle ihop ni slekke å smie enn kniv ta døm. Den kniven skulle døm smie paa i tri torsdas-kvellær, å den som smia, skulle staa nakjen. Nå' døm skråpå i smøre mæ enn slekk kniv, vart dæ blo på 'n, dærsom dæ va trollkjæring-smør.

IKRING UÅRO.

(Frå Flesberg.)

Han Ola Hellekson Letmolia å enn te va te Skjien etter frøkønn i 1812. Dæ va gjort slekk, at hver garmann skulle få ei skjeppe. Men så fekk døm tegna på a fleir, så døm fekk ei halltynne hver. Døm reste mæ kløvhest, fær dæ va kje kjøyreveigjir da, veit du.

* * *

Han far færtalte, 'n hadde hørt gjete, dæ skulle vara lite mjøl få kjøpt i Skjien. Dæ va i 1812. Men da 'n kom dit, va dæ ingenting få. Da kjøpt 'n ei skjeppe kaffe i staen å hadde te ønna. Men så lett som ærbe' gjikk den ønna hadde dæ ikke gjort 'okko før 'ell sea, sa 'n. Døm åt smør å ost å prim å

mjø*l*k. Å så va tørfisken så billi, å den bruka døm mykkjy ta. Hos presten vart dæ utdeila non mjø*l*-såir te duppe paa fisken.

NÅ DØM UNNERJORDISKE DANSÆR.

(Frå Lyngdal.)

Dæ va enngong enn mann, som dreiv paa høya. Så kom dæ ei regnsku*r*, å i dæ samma kom dæ enn gvervillsvinn au, å håss'n nå detta va, vart mann så færdansa, 'n kom te hævja tollekniven, 'n sto mæ, bo*r*i denna gvervillsvinn. Lite etter så kom dæ ei kjæring te 'n å bar sei så reint ille, fær mann ha øylagt enn ta ongæn hennæs. Han visste nå kje håss'n ha gjort dæ. Men så kunne ho færte*l*ja, at gvervillsvinn dæ va, nå' *døm* dansa, å da han hævde kniven, råka 'n enn ta ongæn hennæs.

Mann låvå, 'n skulle vare sei mæ kniven sea, nå' dæ va sålessa dæ ha sei.

Gamall tru.[1]

MANNELIVE, DØDEN OG ÆVA.

1

Stri-håra folk æ ville; døm, som har *bløtt hår*, æ blie å tålie. (Lyngdal.)

2

Døm, som har *gvitt hår*, skæ leva lengen. (Flesberg.)

3

Døm, som æ *kulpanna*, æ ville. (Lyngdal.)

4

Nå'n *kleiær i panna*, bli 'n sinna. (Flesberg.)

5

Døm, som har mange *småskrukkur i panna*, skæ få mykkjy ongær. (Lyngdal.)

6

Nå' båne har ei *blå stripe over panna* ell nøsønn, veks dæ kje opp. (Lyngdal.)

7

Nå'n kleiær i høgre *hannloven*, skæ enn faa

[1] Sjå au Gamalt frå Numedal III, side 7—54.

pèng'; klæiær enn i vinstre, skæ enn *ut* mæ pèng'. (Lyngdal.)

8

Døm, som har mjuk *tomme,* æ hage te gjøra ælt ting. Døm, som har kjeik tomme, skæ få enn kjeik mann. (Lyngdal.)

9

Nå' døm to store *gårunn i hanna* æ mykkjy krokute å senner mange små gårur ifrå sei, så skæ dæ menneskje få mykjy klær. Døm, som har mange små *gårur på tåmmashompen,* skæ få mykjy sørj. (Lyngdal.)

10

Nå 'n *kleiœr unner beina,* kjem enn snart te danse — ellå gå enn veig som enn æller har gått før. (Flesberg.)

11

Nå' to ongkaræer *vaskœr sei i samma vatne,* skæ døm få like kjæringær. (Lyngdal.)

12

Nå' to ongkaræer bli sittans ve hvert sitt *hynne a bore,* så døm bli beint over fær innann skrå over bore, skæ døm inkje bli gjifte dæ åre. (Lyngdal.)

13

Dærsom enn ongkær *drømmer* om ei gjente, ell ei gjente drømmer om enn gutt, skæ døm gå te kjørkja fysste messe. Ser døm dæ menneskje dær da, så skæ døm *få* dæ. (Lyngdal.)

14

Nå' enn gutt æ på frieri te ei gjente, å døm *søv* begge to fysste natta, døm ligg ihop, så skæ døm ha innann. (Flesberg.)

15

Nå' ei gjente sitt å *spinn*, å dæ dætt jamt åv fær 'o, skæ 'o få mange frierær. (Flesberg.)

16

Skjill dæ mykjy på lengda på tråen, nå' ei gjente *tvivitt* a to snellur, så æ *den*, 'o skæ ha, langt unna; skjill dæ lite, æ 'n nære ve. (Flesberg.)

17

Nå' gutt ell gjente vil ha greie på, høkken døm skæ bli gjift mæ, så skæ døm sætta *skoa* senne i T tri torsda'skvællær på ra, å så sier døm:

«Så sætt je menne sko i T,
så håper je,
at je min kjæreste får å se —
helst i senne hverda'sk*l*ær!»

Men så må døm inkje trå på go*l*ve, etter døm har hatt ta sei skoa, å inkje svælle etter døm har sagt dætten. Drømmer døm om den samma ælle tri netten, skæ døm få 'n. (Flesberg.)

18

Nå'n vil sjå kjæresten sin, skæ enn *håpå runnt basstugu* tri vennur k*l*ukka toll ju*l*ekvæ*l*n. Trea venna møter enn *den*, enn skæ bli gjift mæ, å hælsær på enn.

Enn i frå Skare i Eggedæl gjore detta, å så møtt 'n ei, 'n inkje lika.

«Da ville je heller hatt ei flådd ku!» sa 'n, da 'n såg 'o.

I dæ samma kom fa'n drassannes mæ ei flådd kjyr. Men den gjenta, 'n møtte, vart nå kjæringa hass lell, ho. (Lyngdal.)

19

Nå' *vaskevatne* kokær fær ei gjente, før 'o tek å brukær dæ, bli 'o inkje gjift dæ åre. (Lyngdal.)

20

Nå' ei gjente *svir grauten* bli 'o kje gjift dæ åre. (Lyngdal.)

21

Kokær gjentunn grauten, så enn finnt *tørrt mjøl* i 'n, bli døm inkje gjifte dæ åre. (Lyngdal.)

22

Nå' døm æ framme å *vigjer*, å døm hell liksom vrir sei ifrå ennann, æ dæ kleint mærkje. (Lyngdal.)

23

Døm, som *vaskær sei i samma vatne*, skæ få like ongær. (Lyngdal.)

24

Ælle får døm ongænn, døm skæ ha. Dæ va enngong ei gjente, som inkje ville gjifte sei, før 'o vart så gammæll, at 'o var tor bånegjæra, fær 'o ville

inkje ha ongær, slo 'o over. Men da 'o vart gjift, vart 'o mæ små lell, men kom færtile, å da va dæ liknels te sju bån. Sa mange skull 'o havt, hadde 'o gjifte sei i tiær. (Lyngdal.)

25

Nå' ongænn bær te dra på filletullær å kallær dæ *«ongœr»*, skæ dæ snart kåmmå «enn liten enn» i huse. (Lyngdal.)

26

Nå' *magan* på døm, som æ fremmele, piggær sei te å står hell oppatt, æ dæ gjente døm går mæ; æ døm vie i siurn, kjem dæ enn gutt. (Lyngdal.)

27

Nå' enn onge æ fæ*l*t *urole i mora*, æ dæ mærkje på, dæ æ gjente. Mora æ ællti kleinær, nå 'o går mæ enn gjentonge ell enn guttonge. (Lyngdal.)

28

Døm, som skæ ha små, maa kje sjå *røtt jønn*. Dæ va ei kjæring på Grønnskaugen, som gjikk færbi smio, mæ man'n smia. Da 'n kom mæ jønne tor av*l*en å sku te banke på dæ, så spraut dæ raue fløss ikring 'o. Kjæringa gvakk å tok sei te anlete. Båne, 'o gjikk mæ fekk enn rau flèkk over hæ*l*ve g*l*aninga. (Lyngdal.)

29

Fremmelene kvinnfo*l*k må kje *slø ørm*, fær da får båne, døm går mæ, enn ørmekrull i nakken. (Lyngdal.)

30

Dei, som *græt i mors liv*, skulja blia mordara. (Uppdal.)

31

Han Åse-Gjermonn i Straumen *skreik i mors liv*. Han drap båne sitt, mæ more gjikk mæ dæ, o kom på slaverie før dæ. Mæ 'n va der, so sent 'n bø te kjeringje si, åt 'n endele måtte få ta*l*a ve 'o. O 'o reiste te 'n mæ, men 'o torde inkje koma so nær 'n åt 'n nådde *i* 'o — dæ gjikk fø*l*k imiljom. 'O såg 'n hadde vonnt i tankar, hadde 'o sagt. (Nore.)

32

Sæv*l*een *grét i mors liv*, fortel dei. Dæ va eingong, 'o sto o koka grauten, då grét 'n eit langt bel. (Nore.)

33

Enn onge, som har kømme færtile, bynner inkje å vekse før ve dæ løyte, 'n skulle vara fullgått. (Lyngdal.)

34

Nå' enn onge æ fæ*r*i å kjører høgre hanna te kjeften, mæ samma 'n æ tekømmen, ska 'n få gott fær å bærgje sei i live. (Lyngdal.)

35

Skæ båne få godt groholl, må dæ vara bikkje dæ fysste dyre, dæ tek i i ve*r*a. (Lyngdal.)

36

Døm vannær å reise non sta mæ ett bån, før døm har våre te kjørkja mæ dæ. (Lyngdal.)

37

Va enn onge terrin å grinin, hadde døm den trua, at 'n vart snill, nå' døm hadde våre te kjørkja mæ 'n. Dæ trur je nå æ så au dæ. Je såg mæ 'o Jårånn; før vi va te kjørkja mæ 'o, skreik 'o mest både natt å dag; men etterpå hørte vi mest inkje mål ta 'o. Å så har dæ våre mæ enn par a døm andre ongænn hær au. (Lyngdal.)

38

Nå' døm vøggær tome vøgga, bli ongen terrin. (Lyngdal.)

39

Nå' enn onge bli tåta opp mæ mærremjølk, skæ dæ bli enn kjempekar a 'n. (Lyngdal.)

40

Ongænn må kje rekne bla-a i boka si, ellå lærer døm 'o inkje. (Lyngdal.)

41

Nå' to vaskær sei i samma vatne, skæ døm kåmmå te sløss enna kvæln. (Lyngdal.)

42

Nå' husens folk kjem inn å *helsœr* fær moro, kjem dæ frèmmenn. (Lyngdal.)

43

Nå' non har på sei *annmanns klær* uløves, kjem dæ frèmmenn. (Lyngdal.)

44

Når dei gam*l*e hadde vaska se te he*l*g o høgti, so *vigsla dei vatne* mæ ein g*l*o, ell dei duppa ei tyriflis som brann, ne'i dæ før dei skvette dæ ut. (Uppdal.)

45

E minnes ei gomoll ei 'eitte Astri St*ø*l*o*, som snudde att, va so 'o *rulla*, når 'o skulle ein sta. (Uppdal.)

46

Enn skæ kje legge fla'brøe *vrangt* på bo*r*e; da kjem dæ fattidom i huse. (Lyngdal.)

47

Nå 'n bakær f*l*a'brø ell lefsur, å 'n *stikk mykjy sunnt* mæ fløya, kjem dæ søltne fo*l*k te ga*r*s. (Flesberg.)

48

Enn skæ kje *vrengje* maten frå sei på bo*r*e, dæ æ sønn dæ.

49

Enn skæ kje *bryte brøe frå sei*; da bli dæ ærmo i huse. (Lyngdal.)

50

Enn skæ kje *strekkje* sei å gjespe, mæ samma enn går frå bo*r*e, fær da hengjer enn opp maten. (Lyngdal.)

51

Nå' du *sputtær* på non, sputtær Den slemme att på dei. (Lyngdal.)

52

Nå døm ville *selja sei te Den vonne,* måtte døm gå te kjørka tri torsda'skvællær etter innann å skjæra ei *flis* a dynna. Sea måtte døm inkje kåmmå te kjørkja meir. Da fekk døm så mykjy pèng' døm ville; men så skulle døm høre Den vonne te om ei viss ti. (Lyngdal.)

53

Nå 'n skæ *gå te ælters,* må enn vaske sei om lørda'seftaen, ellå går dæ enn gæ*l*i på kjørkjeveig. (Lyngdal.)

54

Den, som *ét lengst,* skæ bli den gamlæste a borsettninga. (Lyngdal.)

55

Døm, som har dæ liksom fælt *travelt* støtt, bli kje gam*l*e. (Lyngdal.)

56

Døm, som *treng lite mat* skæ bli gam*l*e. (Lyngdal.)

57

Kjem dæ inn enn på ei stelle, mæ husens fo*l*k sitt ve bo*r*e å et, p*l*å 'n spørja: «Æ je *feig?*» Æ ælle fæ*r*ie mæ etinga, skæ 'n vara dæ. (Lyngdal.)

58

Ligg dæ to pinnær i *kors* på go*l*ve, skæ dæ spørgjas døtt. Dætt inkje denna korsen frå ennann,

nå' enn tek 'n opp, skæ enn bli mæ i likfæ*r*a. (Lyngdal.)

59

I gomoll ti helt dei allti *likvoku.* (Uppdal.)

60

Vatn, dei hadde vaska lik i, skvette dei ronnt veggjinn før veggjeluse. (Uppdal, Flesberg.)

61

Nå' lysa på likkjista slokna ell brann daule, hadd 'n dæ vonnt *den,* som va dø. (Lyngdal.)

62

Nå' kjørkjek*l*ukkunn læt liksom sørjele, nå' enn fær i jo*r*a, har 'n dæ kje gott *den,* som æ dø. (Lyngdal.)

DYR.

1.

Når dæ va *krytur,* dei nyss hadde kjøpt, o dei tok te trå, so tok dei lite salt o la i ein k*l*ut onder armen o ha dæ liggjann der, te dæ blei varmt, o so gav dei kjyre dæ, so 'o skulde blia g*l*a i dei o inkje reisa frå dei att. (Uppdal.)

2.

Tæggl a kjyrrompa å hesterompa bli te bennelørm, nå' dæ har li i vatn' ett bel. (Lyngdal.)

3.

Nå *katten* sitt i g*l*ase om vinteren, ventær 'n uvær. (Lyngdal.)

4.

Nå' *katten* sitt på dæ go*l*vsflake, som pekær te dynna, så spørs dæ døtt. (Lyngdal.)

5.

Skjer *muse* sonnt o øylegg, ska dæ blia te ulykke. Dreg 'o kønn hell ana i skoen,, ska dæ vera te lykke. (Nore.)

6.

Vil ein sjå, ko *bjønn* hiar se om vinteren, ska ein gå ut i fa'ns navn om ju*l*eftae*n*.

Dæ budde ein gomoll ein her no*r*på onder Dagsvin, 'eitte O*l*a, o plassen 'eitte Foss. Far o mor bruka endå før hono, fysste åre dei va gjifte.

«No gjeng e ut i fa'ns navn!» sa 'n ein ju*l*efta, o so tok 'n skji o la suover Langehø*l*. Då 'n kom sui eit stykjy, so såg 'n to ljos brann innmæ innan uppve ei sæter eiter Øyga*r*en uppi bergo hera. Dei leita ette hi-i, men fann dei inkje då om vinteren. Men om våren, etter dæ va bert, fann dei lego etter to bjønnehie tett ve innann. (Uppdal.)

7.

Nå' *skjæra* læt ve husa, skæ dæ kåmmå fæ*l*ske fo*l*k te ga*r*s. (Lyngdal.)

8.

Nå' *korpen* læt fæ*l*t på ei stelle, skæ dæ skje ei ulykke dær. (Lyngdal.)

9.

Nå' *gauken* æ hås i må*l*e, ventær 'n regn. (Lyngdal.)

10.

Nå' *gauken* gjæ*l* i bart ris, skæ dæ bli mange lausingsongær dæ åre. (Lyngdal.)

11.

Kjem *gauken* tett innåt stugo å gjæ*l*, skæ dæ døy enn dær om tri år. (Lyngdal.)

12.

Nå' enn æ fu*l* ve *pædda*, so sprutær 'o eiter. Nå' enn slør pædda ihæ*l*, så hemner 'o sei, etter 'o æ dau. (Lyngdal.)

13.

Møter enn ei *pædde*, nå' enn skæ på frieri, så har enn lykka mæ sei. (Lyngdal.)

14.

Nå' *låppen* æ mørk, spår dæ regn; æ 'n ljøs, spår dæ opphallsvær. (Lyngdal.)

15.

Dæ va enngong enn mann, som hadde lagt motslag mæ enn *ørm*. Da 'n kom på stella, kom ørmen som ei hju*l* å dansa runnt mann å ga på høgge 'n utover heile skråtten, så 'n døe mest ratt. — Nå' døm la motslag mæ ørmen, kunne døm sei 'n te kåmmå antel trillannes som ei hju*l* ell rennanes så lang 'n va. (Lyngdal.)

16.

Va dæ fo*l*k, døm tvela hadde fått *ørm* i sei, så rei døm hesten, så 'n stælla, å så ga døm *den*, som hadde fått unåe i sei, a pisse; da laut ørmen utatt. — Men dæ va døm, som kunne mana ørmen utatt mæ *or* au; dæ va ei serskjelt bønn, døm bruka, men je har æller hørt 'o. Gamle Sjugu*r* Fjøslia 'ettes dæ kunn 'o. (Flesberg.)

17.

Døm skar skællen ta *ørmen* å bårå ho*l* i veggjinn å hadde dessa ørmeskællæn inni dær å dreiv ho*l*e att mæ enn pinne. Dæ va rå mot veggjelus. — I Ose (enn plass unner Sønnåsen) va dæ fullt ta slekke attplugga ho*l* i stuguveggjinn, færta*l*te far. (Lyngdal.)

18.

Ørm æ gott mot. — Renn 'n motbakke den fysste ørmen du ser om våren, skæ du faa motgang i åre som kjem; renn 'n utfærbakke skæ du få mægang. (Lyngdal.)

19.

Ørm å fjørfeslur kan kaste svevn på fo*l*k. — Han gam*l*e Sju*r* Håve, bestefar te Sju*r*, som nå æ i Haugænn, ville enngong slø enn ørm, men slo 'n berre åv, å hue flaug sta gjømte sei. Non dar etter blei 'n Sjur så tverrtrøtt, 'n tvela, dæ va fær no. Guri, kjæringa hass, skulle stå pass 'n. Da 'n såvitt hadde sømna, kom ørmestubben, så dæ susa. Guri fekk mest inkje vekt 'n, før ørmen kom. Sjur va belaga mæ stav, å da måtte svine te dæ. (Lyngdal.)

20.

Dæ va ei bakstekjæring, som satt å båkå. Best dæ va, blei 'o så svevnug, 'o sømna mæ kjævle i hænnænn. Mæ 'o satt å gapte å søv over bakstebore, kom dæ enn heil flåkk mæ *fjørfeslür* tor kjeften på 'o. Dæ sto non å såg på dette å flaug te ville jaga unåe, men da smatt dæ innatt i kjeften på kjerringa, å ho vakna. (Lyngdal.)

21.

Gvitørmen va drivande gvit som enn røysekatt. Nå' døm fekk tak i *den* å åt 'n, så skulle døm bli vise. Da kunne døm få greie på hå ti døm skulle døy å ett å ana — dæ va så mangt, men je høgsær inkje ælt, je nå. (Lyngdal.)

22.

Visørmin skulde vera gvit. Når dei åt *den*, skulde dei blia vise o konna sjå å veta alt.

Då Årnulv Gvammen o Spiker-Nils kom te spåkjeringje[1], sa 'o te 'n Spiker-Nils:

«Du ha vel den søllpeningen, du tok opp, då de sat o gvilde på fjelle; men ha de hatt den karen, som låg i-onde den lågje, de sat på, so ha de føre likso vise de som e, før der låg ein visørm.» (Nore.)

23.

Visørmin va drivende gvit. Va dei go te få tak i *den*, so skulde dei kok 'n, o då flaut dæ upp tri stjønnu: den eine va før rikdom, den andre før ein

[1] Sjå Gamalt frå Numedal I, side 69—71.

god ektemakje; men den trea vart dei ravende ga*l*ne ta. So skulde dei ta ein ta dessan stjønnunn då o eta upp, o då galt dæ o taka den rette. (Uppdal.)

SJUKDOM PÅ FOLK OG DYR.

1.

Nå 'n har *tannværk,* skæ enn ta kniven å spikke ei f*l*is tor ei bjørk, å så skæ enn ta den f*l*isa å grava i tannkjøtte mæ å så felle 'o innatt i bjørka; kjem enn inkje meir på den stella da, så får enn inkje att tannværken. (Lyngdal.)

2.

Nå' døm stekte ørm, døm ville bruke fær sjukdom, måtte døm sitta svælle ve 'n å sei, hå 'n skulle hjø*l*pe fær. Han Gunnar Bak*l*i dreiv i ørmesteiking, ville eta kjøtte fær *klå å skabb.* Han va noko k*l*eis å etter enngong, 'n sat stekte på enn ørm, har døm denne hærma:

«Fær kå å kabb! Fær kå å kabb!» (Lyngdal.)

3.

Grepe va noko vonnt, som kom så tvært å sette sei te på *ei* stelle, i ærmænn, ell beina, ell a'n stanna. Dæ va liksom noko hadde gripi ell klemt enn, så 'n vart unyt. Fo*l*k trudde, dæ va no unnerjordisk, som hadde hatt tak i døm. Dæ va fo*l*k, som kunne gjøra *ve* fær grepe, mæ smurning å læsing å forskjellige tegn. (Lyngdal.)

4.

E låg so klen tå *gjiktfeber*, e va stiv som ein pinne, o va kje go te o lea me, ana dei måtte hjø*l*pe me. Men so va dæ ei kjering, som sa me rå, o ho hadde lært dæ tå ei finnekjering: E skulde taka arvegras, som vøks inni hus, inni gam*l*e buir ell ionder go*l*ve, koke dæ i vatn o baka me inn mæ dan løgjen. E so gjo*r*e, o trotin minka mæ dæ sama, o e mjukna te att, o om ein tvo-tri døgør va e o séa like god. (Uppdal.)

5.

Nå' nokon har *fange*, skæ døm ta ta døm, dæ døm har på hue, å kaste dæ på værmen. (Lyngdal.)

6.

Grisegællæra tømte døm tor blåse å på glas, å hadd 'o te smørju på *brannsår*. Men så tok døm te bruke linø*l*je ista'n. (Lyngdal.)

7.

Døm dængte kva («harpix») i piss å la på *værkjir*. (Lyngdal.)

8.

Nå' ett høgg, ell anna sår, *blødde* fæ*l*t, la døm på ei rå f*l*eskeskjivu. Døm bruka f*l*esk på såra te *trækk å gronning* au. (Lyngdal.)

9.

Ku*l*ur, som æ skotne mæ, hølle døm så gjæve te krøtøra fær *skotte*. Døm kærva a non molær å ga krøtøra i drekka. (Lyngdal.)

10.

Gælldring æ dæ to slag a. Nå' kjynnænn hadde fram-gælldring, tok døm å trække ut tonga på døm å sprette ho*l* på årinn. Dæ gjo*r*e døm mæ enn sy*l*, som døm stakk inn i årinn å så reiv ut take. Etterpå tok døm enn hosufot å duppa i kjyru å dæretter i hæll-grovt sælt å gnudde tonga å tannga*r*en mæ.

Hadde kjynnænn bak-gælldring, va rova mjuk. Da gredde døm frå håra i é'n på rova å skar ett k*l*øv i tuppen på 'o. Ell så skar døm kjyra unner rova; men dæ kunne vara fa'lenn, dæ hennte døm b*l*ødde ihæ*l*.

Gam*l*e Knut Jærpeton, O*l*a Andresson Kælleru-haugen, O*l*a Skællsta å fleire for mæ dette, som je høgsær. (Lyngdal.)

11.

Enn må kje brenne grønt lauv, fær da fær kjynnænn *bronabælmur* på pattænn. (Lyngdal.)

12.

Dæ sknlde vera gjillt, når dei fann f*l*ograun so trek, åt dei konna gjera bogtre tå 'n, før då *flaug hestann* so mykjy fortare. (Uppdal.)

DAGAR OG ÅRSTIDIR, VERE OR ÅRVEGEN.

1.

Dæ enn hollt på mæ, fysste gongen enn ser *nytt-års-nye*, skæ enn holle på mæ heile åre. (Lyngdal.)

2.

Æ dæ liksom plogførrær i *snøen om våren,* bli 'n ligganns lengen; æ 'n liksom full a får å smådompir, bli dæ griug vår. (Lyngdal.)

3.

Nå' konglænn dætt tile a trea, så bli dæ enn *våt vår.* (Lyngdal.)

4.

Nå 'n kokær rømmegraut *såmmårsdagen,* skæ enn få mykjy ta krøttøra om såmmåren. (Lyngdal.)

5.

Nå' dæ grønnkær nettopp mæ samma *snøen renn a,* bli dæ har vår. (Lyngdal.)

6.

Dei sette ei stikke mitt i maurtuva, mæ sama mauren kom ut om våren. Krabba då mauren ratt te toppen på danna stikka, so skulde dæ blia *go vår.* (Uppdal.)

7.

Nå' Grimesunn-råka æ kømmi te Vesl-øya i Mærkeruvatna æ dæ *såti* på Lyngdæ*l*sskaugen. (Lyngdal.)

8.

Nå' snøflekkjinn i F*l*æksåsen æ store som kjynnær, æ dæ *såti* i Stuvestagrænna. (Flesberg.)

9.

Nå' så-e*r*la kjem, æ dæ *såti.* (Flesberg.)

10.

Døm hadde mærkje på mølluksen mæ *sånnann.* Va døm fræmste beina lengst, va dæ bra *å så* tile; va døm møllomste beina lengst, vart møllomsæe best; va døm lengst døm bakæste beina, va dæ best å så seint, (Lyngdal o. fl.)

11.

Når Gjøp*l*egrø-svulln va burte, va *kryture framfødde,* hadde dei gam*l*e te merkje. (Uppdal.)

12.

Når dei *hadde sått* om våren, so sette dei ein o*r*estav o ein briskestav i krøss i åkeren, o so sa dei:

«Her sett e o*r* o brisk,
åt du kann vekse stor o frisk!» (Uppdal.)

13.

Dæ bli kje full såmmårsluft fyry *Sant-Hans.* (Lyngdal.)

14.

Nå' dæ æ mykjy gvefs å unå tile på åre, skæ dæ bli *tørr såmmår.* (Lyngdal.)

15.

Regner dæ fysste å andre *honnedagen,* skæ dæ bli regn i fire vikur. (Lyngdal.)

16.

«Den, som skjær sei lannlaus på åker, skæ bli lannlaus på vatn,» sa døm gam*l*e.

Dæffær va døm så rædde fær å skjæra åkeren lannlaus.

Likenns va dæ mæ slåtten. 'O gam*l*e Ambjør Brøtønn, kjæringa te Skællsta'n, hadde slåttekaraær; dæ va etter 'o va enke, dæ. Enn dag, 'o kom å skulle råkå, bynnt 'o te gråte så fæ*l*t — 'o trudde, døm hadde sli lannløst. Men så kunne døm færtæ*l*ja 'o, at dæ hekk att lite neve vatne, å da roa 'o sei. (Lyngdal.)

17.

Nå' døm skar sei mæ skjyru i sku*r*en, sa døm gam*l*e: «Nå' skar je frå mei sku*r*egrauten!» Men skar døm sei igjen, så sa døm: «Nå skar je sku*r*egrauten *te* mei att!» (Lyngdal.)

18.

Nå' dæ høver så te, nå 'n skjær på enn åker, at dæ bli enn *skagge,* kællas dæ ei enke. Æ dæ enn kar, som bli ve den skaggen, så skæ 'n bli gift mæ ei enke; bli ett kvinnfo*l*k ve skaggen, skæ ho bli gift mæ enn enkemann. (Lyngdal.)

19.

Nå' dæ fell så te, at *siste banne* på enn åker bli stort, skæ dæ bli gjill grøe på den åkeren næste år. (Lyngdal.)

20.

Nå' enn æ *færi mæ skuren,* skæ enn sætta sei i åkeren å bryne skjyru. Da bryner enn rygge-vonnte tebars att i åkeren. (Lyngdal.)

21.

Nå' dæ æ mykjy fisk å få, æ dæ *hare tier* i vente. (Lyngdal.)

22.

Dæ skulde vera ni slags ve i dæ ellsmelle, dei brennte *juleeftaen.* (Uppdal.)

23.

Fyry dag ju*l*edagen kalla døm *juleotta.* Da va døm oppe å høgge ve, å da måtte dæ gjøras, ælt som skulle gjøras ju*l*edagen. (Lyngdal.)

24.

Mill *jul* gjør ei kæll påske, å kæll ju*l* ei mill påske. (Lyngdal.)

25.

Ei mørk ju*l* gjør ei ruskute påskehe*l*j. (Lyngdal.)

26.

Dei gam*l*e, dei slekte allti varminn hørr *torsdagskvell.* Då reiv dei varminn utover so 'n sløkna. Men datta va no fyre mi ti. Om mørgon va dæ stræv få 'n uppatt.

I gomoll ti va dæ no jamt å floge o låne varme. Då fekk dei anten ein snørt ell nokon gløar i ei bjelle, dei floge mæ på ein stav. (Uppdal.)

27.

Nå' saupe æ tykkt, nå' døm har kjinna, skæ dæ bli uvær. (Lyngdal.)

28.

Nå' værbågånn æ gjyllannes bli dæ opphallsvær etter; æ 'n dimm, bli dæ småvær. (Lyngdal.)

Spurningær.

(Frå Lyngdal.)

1.

Heitær enn hett,
feitær enn fett,
dyrær enn heile Danemark.

2.

Mindre hell mus,
høgær hell hus,
høgær hell ælle skaugtoppær.

3.

Hå æ dæ, som ofte æ sinna å ustyrlenn, men ælller kann syne sei?

4.

Je hører ei bjelle
nor på fjelle,
ni nusen
ti tusen
elleve på ra'

5.

Høge høyete,
krokut bøyete

underle' skaft.
Kann du gjetta den spurningen
skæ du få ligge mæ mei i natt!

6.

Årsgammæll kropp
å nattgammælt hue.

7.

Ett vintervøkse tre
mæ rota opp å toppen ne,
gror om vinteren
å kjem bort om våren.

8.

Dæ kjem ein tynne rullannes, tullannes,
topplaus, turulaus,
som ingen mann
hær på lann
gjøra kann.

9.

Je kann bèra dæ,
å du kann bèra dæ;
men tøll mann kann kje bèra dæ på
enn pinne.

10.

Enn haug full a småskaug,
unner haugen æ dæ enn bèkk,
unner bèkken æ dæ enn sèkk,
å unner sèkken æ dæ to lange stø*l*pær.

11.

Den levannes har utta dei,
mæ den daue kryp på dei.

12.

Hå æ dæ, som æ hver manns mat,
men inkje etannes tugga i.

13.

Høgg heile dagen å inkje *fl*is får.

14.

Ett hus fullt ta gvite kjynnær å enn rau kæ*l*v i midten.

15.

Har hverken ånn hell liv, men skrik i føssla.

16.

Je ser dæ, du ser dæ,
kongen ser dæ sjelden,
Gud ser dæ æller.

17.

Dæ står enn ting på Branes bro,
du som je,
fo*l*k som fé,
å ælt som i væ*r*a æ te.

18.

Inkje søkk dæ på vatne,
å inkje brènn dæ på værmen,
å inkje tassær dæ i tørt lauv.

19.

Hènge på mei,
hènge på dei,
hènge på fuggel å fé,
hènge på topp å tre,
hènge på ælt som i væra æ te.

20.

Dæ står enn hunn på Dovrefjell
å gjøyr over ælle hav;
hun'ns navn dæ har je sagt —
du gjett dæ inkje idag!

21.

Kom enn løen
tok enn søen;
opp enn tobein
tok enn tribein
å jaga firebein paa dynna.

22.

To-bein sat på Tri-bein åt på Ett-bein; så kom Fire-bein å tok Ett-bein; da vart To-bein sinna å tok Tri-bein å slo te Fire-bein i hue.

23.

Dæ va ei gjente, som sette den spurningen:
«I Tanketein je går,
i Tanketein je står,
i Tanketein æ je fager å fin —
kan du gjetta på dæ, skæ du få ei
flaske vin.

24.

Dona Domt ropa inn te Larebjør:
«Kast Heftingen,
slep ut Hissingen,
Dustingen vil på Bustingen vår!»

25.

Framma som ett nykle.
midt på som enn sèkk,
å etter som enn kastekjèpp.

26.

Dæ kom enn mann ta reina
å stupa te kjæringa imøllom beina,
spurte om 'n kunne få lånt lurvetussen
te sètte sveiseren i;
kjæringa svårå, banna 'n va kje løen enda.

27.

Toåtredve står paa hue å tener sin herre heile dagen.

28.

Fire hangannes,
fire gangannes,

to pekær opp i skjy,
to viser veig te by,
å enn liten dilt diltær etter.

29.

Hå æ dæ, som går over bèkken å inkje væter klauv?

30.

Går te bèkken å less som 'n drekk, men drekk inkje?

31.

Hå vil du helst ha:
dæ, som står på bèrje,
hell dæ, som trillær på bèrje,
hell dæ, som renn på bèrje?

32.

Hue i begge ènnær å ræva midt paa ryggen.

33.

Dæ lange sto å lea,
dæ lønne låg å teva;
dæ lønne ønskte mæ sei:
tru dæ lange va i mei!

34.

Inni æ dæ løe å levannes, men uttapå snøtt å døtt.

35.

Løe utta å løe inna å løe langt inn i hòle.

36.

Løe som ett lammeskjinn, men inga hår på.

37.

Inn kom 'n løen,
ut kom 'n snau,
hakka på hue,
så nær æ 'n dau!

38.

Lille trille låg på hylle,
lille trille datt ne;
ingen mann
i dette lann
lille trille bøte kann.

39.

Ett skåp fullt ta mat, men inga dynn på.

40.

Runnbæll op å runnbæll ne — om dæ æ æller så go enn gullsme, så kann 'n inkje runnbæll bøte.

41.

Gvitt kastær je dæ opp i take, gult kjèm dæ neatt.

42.

Dæ gjikk enn ting over Dovrefjell
mæ fire spannhakær,
to søllknappær
å ett lite bingsl-skaft.

43.

Hå vil du helst ha:
pipen i åsen
hell drøn i da*l*en?

44.

Liten å lur,
sinna å sur;
ingen mann
i dette lann
kann bygge slekke hus som han.

45.

Rynner i rota,
veks i broka,
rau i é'n å vil *i* fo*l*k.

46.

Hå vil du helst ha:
ringen omkring tuva,
hell tippen i myra?

47.

Lubbe lubbe lette
sto på ei slette,
tok a luva å vénta på fo*l*k.

48.

Runnt som ett egg,
har både rompe å skjègg.

49.

Dæ står i senga
å veks i hò*l*e.

50.

Svart hatt,
rau stakk,
står på trebein,
full a småstein.

51.

Rau kåpe å svart hatt,
står ute om ju*l*enatt.

52.

Dæ står enn mann i bakken
mæ rau lapp i nakken —
Ti-still den, som veit dæ!

53.

Dæ står enn liten løin mann
i ett lite løe lann;
han kann stinge,
men inkje springe;
han kan stå,
men inkje gå.

54.

Unner so*l*a,
unner jo*r*a
å jamhøgt mæ ælle skaug-toppær.

55.

Hå æ dæ, som æ jamhøgt mæ ælle tretoppær,
men æller skjin so*l* på.

56.

Hå æ dæ som går om dagen
å legg beina i vomma om natta.

57.

Hå vil du helst ha:
ei kjiste full a stomp,
hell ei bu full a tjuvær?

58.

Je har dæ, å du brukær dæ.

59.

Hå vil du helst:
hoppe klinke,
hell nabbe stabbe?

60.

Dæ hæng ein ting på bo'ns vègg
mæ hæ*l*v ræv å raka skjègg.

61.

Mor la midt-i,
far duppa sitt-i;
sett 'n 'n ne'i.
rauk dæ a 'n;
tok 'n 'n opp,
draup dæ a 'n.

62.

Ett hus fullt a mat, mæ trelås fær.

63.

Ei innho*l* mor,
enn krokute far
å tri kollute bån.

64.

Ei innho*l* mor,
enn langkrokute far
å tri augelause bån.

65.

Står i roa,
sprikjer i k*l*oa.
ventær på søppl å sø*l*e.

66.

Dær står enn glose
møllom kjæringas fote
mæ fire fillippær å enn stav i.

67.

Duræer å rènnær,
spærkær å spènnær,
aukær å minkær å tar atte.

68.

Dæ dansær fire systær i *enn* sèrk.

69.

Runnt som so*l*a.
sva*r*t som jo*r*a.

70.

Runnt som so*l*a,
svart som jo*r*a,
men mæ rompe på.

71.

To grå ligg å kjaar.

72.

Man 'n hørte enn kjepperammel
å steinskrammel;
han flaug opp å stappa sauin i fé.

73.

Svinsær å svansær,
pissær mæ dæ dansær;
dæ kann laga mat,
men inkje vaske fat.

74.

To store ligg;
den eine gnur mæ skak-tein i auge.

75.

Tènnær, men inga hènnær;
rompe, men inga ræv.

76.

Hue, men inga hennær;
rompe, men inga ræv.

77.

Ei innho*l* mor,
enn krokute far,
å fire synnjannes bån.

78.

Innapå løe som en gris,
uttapå hå*l*t som en is.

79.

Lita å klein,
nakin å rein;
reiser der hverken hann hell fot æ-
go-fær å fø*l*gje.

80.

Lègg dæ i vissa,
stikk dæ der dæ pissa;
tørkær der d'æ vått.

81.

Hå æ dæ, som går runnt åsen å gjør egg?

82.

Dæ står enn mann i bo'ns går,
som har fleire sår,
hell du har hår.

83.

I skaugen æ dæ rønne,
i skaugen æ dæ fønne,
smia å smett,
bærke å bett,
hoppær så lett på enn hårdòtt.

84.

Hå æ dæ, som går te bèkken å vaskær sei, men lègg-att innvø*l*'n inne?

85.

Runnt som ett egg
å langt som enn kjørkjevegg.

86.

Hå æ dæ fær noko hesten inkje orkær dra oppover bakken, men katten neover?

87.

Står inne å lègg rompa på take.

88.

So'n drèg teskøgs, før faren æ vaksin.

89.

Ett hus fullt ta b*l*å ull, som inkje minkær, nå 'n tek a 'o.

90.

Går heile dagen å kjèm kje te dynna.

91.

Om dagen æ je full a kjøtt å b*l*o, om natta står je å gaper.

92.

Hå æ dæ, som går på hue møllom kjørkjedynna?

93.

Om natta æ je full a kjøtt å b*l*o, om dagen står je å gaper.

94.

«Av kjøtt å b*l*o er jei oprunden,
skjønt dæ i mei ei er funden;
skarpe knive i mei skjær',
å høye herrer mei ofte bær!»

95.

Tok mei opp a værme vatne,
sette mei i høgsæte;
fin å feit å deger va je,
men vinteren tæ*r*te på mei.

96.

Ærmelaus, tærmelaus bånegjente.

97.

Den daue dreg dæ levannes tor skaugen.

98.

Lènger enn dæ høgæste tre,
lågær enn dæ lågæste gras.

99.

Dæ æ både ute å inne; men inkje på himmel hell jor.

100.

To daue drègs.

101.

Håkk'n æ dæ, som ser ræva på ælle som går inn å ut?

102.

Hå æ dæ, som tar ælle mann i hanna?

103.

Dæ står enn stein
i ei rein
mæ fire føttær å inga bein;
Dær æ bån, men ingen føtt,
dær æ lik, men ingen dø,
dær æ brur, men inga brølløp.

104.

Hå æ dæ, som går runnt stugu å inkje finnt dynna?

105.

Han ville, å ho ville; men den, om skulde, ville inkje.

106.

Ingen slo'ss,
Ingen drogs;
like låg på bore, å Ingen va dø.

107.

Den fattige eig dæ,
den rike saknær dæ,
den øssle sparer dæ,
den døe tar dæ mæ sei i grava.

108.

Opp å ut i strømmen strie
mæ raue flekkjir i sie.

109.

Dæ låg fire egg uttafær enn kjørkjevegg;
så kom presten mæ si frue,
å klukkæren mæ si dåtter,
å tok hver sitt —
da blei dæ ett igjen.

110.

I salen, men inkje i hesten;
i kragen, men inkje i presten;
i ælle mann
å i ælle lann;
men inkje i værden.

LØYSING PÅ SPURNINGÆNN.

1. Sola.
2. Stjærnunn.

3. Vin'n.
4. To*r*a.
5. Vèrbågån.
6. Nysnøen på stubben.
7. Svulltappen.
8. Bø*l*ja på vatne.
9. Vatne.
10. Menneskje.
11. Svemn.
12. Morsmjø*l*ka.
13. Augeløkke.
14. Kjeften.
15. Fisen.
16. Sin like.
17. Skuggen.
18. Skuggen.
19. Namne.
20. Enn hunn 'ette Sagt.
21. Bikkja kom inn å sta*l* enn k*l*ubb, så treiv mann enn tribeinkrakk å jaga 'o på dynna.
22. Dæ va enn mann, som satt paa enn tribeinkrakk å gnog på ett kjøttbein; men så kom bikkja å tok dæ ta 'n, å da vart' så sinna, 'n slo te 'o i hue.
23. Dæ va ei bikkje, 'eitte Tanketein, å a skjinne ta *den* hadde gjenta sko.
24. Mann sto på låven å treskte; så ropa 'n inn te kjæringa, at 'o skulle kaste ongen å sleppe ut bikkja, fær skrubben ville ta grisen.
25. Katten.
26. Dæ va enn mann, som kom te ei kjæring å ville

få beite fær hesten sin; men kjæringa svårå, dæ va kje grodd enda.

27. Heskosømma.
28. Kjyra.
29. Kæ*l*ven i kjyra.
30. Bjella.
31. Gjeita — gjeitelorten — gjeitemege.
32. Nå 'n mjø*l*kær gjeita.
33. Grasstråe — sauen.
34. Fjøse.
35. Fórstaen.
36. Høna.
37. Enn fuggel kom inn i ba'sstaua å vidde sei snau.
38. Egge.
39. Egge.
40. Egge.
41. Egge.
42. Reven.
43. Ørmen — Øksa.
44. Gvefsen.
45. Mølta.
46. Ørmen — mølta.
47. Mølta.
48. Næpa.
49. Gu*l*rota.
50. Nupa.
51. Nupa.
52. Tisstillen.
53. Tisstillen.
54. Mærjen i trea.

55. Mærjen i trea.
56. Båten.
57. Skjit — kjøtt.
58. Navne.
59. Ju*l*ing — eta smørk*l*ing.
60. F*l*èskeskjinka.
61. Smørduppa i grauten.
62. Pø*l*sa.
63. Gryta.
64. Gryta.
65. Sopelimen.
66. Stavkinna.
67. Rokken.
68. Vinnegånga.
69. Takka.
70. Steikepanna.
71. Kvenna.
72. Myllæren hørte, kvenna gjikk tom å f*l*aug opp å skodde på sei.
73. Kvenna.
74. Kvennesteinænn.
75. Riva.
76. Riva.
77. Fela.
78. Lyse.
79. Nå*l*a.
80. Øltynna.
81. Slipestein.
82. Høggestabben.
83. Salen på hesten.
84. Puta.

85. Gånnyste.
86. Gånnyste.
87. Pisten.
88. Røyken.
89. Røyken.
90. K*l*ukka.
91. Skoen.
92. Skonudden.
93. Senga.
94. Fjørpen'n.
95. Lyse.
96. Vogga.
97. Kammen.
98. Veigen.
99. Glase.
100. Kroken og lykkja i stakken.
101. Dynnestokken.
102. Dynnek*l*inka.
103. Kjørkja.
104. Takdrøppe.
105. Fing-ringen.
106. Enn mann, som 'ette Ingen.
107. Ingenting.
108. Fisken.
109. Presten va gjift mæ dåtter te k*l*ukkæren.
110. Bokstaven A.

Bånerim å lokkar. Andre småvers.

LÅVÅ, LÅVÅ LINE.

(Frå Nore.)

Låvå, låvå line
gje' so*l*e måtte skjine
over me o over de,
over fo*l*k o over fé,
over topp o over tré,
over åker o eng
o over Jomfru Marias gvite seng.

BI BI BÅNE.

(Frå Nore.)

Bi bi båne,
gryta heng i gråne
ganske full o ganske mett
mæ jommegraut før båne.

GUNNILLA VÅR.

(Frå Nore.)

Gunnilla vår
så lite 'o va
ho råka ein kar

ifrå Hællingdal
mæ sal o mæ hest
o mæ søllknappa vest
mæ store gullspenno i skoa.

TILL LILLE TOVE.

(Frå Nore.)

Til lille Tove
toll mann i skogje.
Toll mann era dei,
toll svær bera dei,
fehonden hengje dei,
gjæslebåne dengje dei,
Storestuten stingjå dei,
Bjellekjyre binde dei.
Storeveve Marikoll o småfé
rauta långt noronde Dårefjell,
mjølka tynna o tale,
bytta o bale,
toll traug i måle
o endå ein sup att i skåle
før gjæslebåne.

KOM SÆL, KOM KJINN.

(Frå Nore.)

Kom Sæl, kom Kjinn,
kom Gullbot min,
kom sauin gvite,
kom stutan store,
kom fålån fin,
kom Simlin,

kom Musin,
kom Venemor Blakken!
So tilta o ette i lause stakken.

HJU*R*INJEN SETTE SE.

(Frå Nore.)

Hju*r*ingjen sette se opp i ett huska tre,
gjætte burt alt sitt goe fé.
Borte va auge sondt va kne;
o endå tenkte hju*r*injen på o gjifta se.

I DJUPEDA*L*.

(Frå Nore.)

I Djupeda*l*, i Djupeda*l*
der æ so gøtt o gjæte,
der fèll ingen væte;
der veks lauken,
o der gje*l* gauken;
der æ duva
mæ røde gullbann kring luva.
Der sitter fruerne
syr på gullluverne;
der sitter drengerne
slår på gullstrengene;
Der sitt 'n ungersvenn o skjenkje.
Kom hit, kom hit!
her æ gras onde kne,
kom Heikje, kom Bleikje,
kom Hotaros, kom Svartaros o Svale.

HAR DU SETT NOKO TE GJEITANE MINE.

(Frå Nore.)

Har du sett noko te gjeitane mine
gangje borti liane dine?
Fyre va 'o Mjelle
kasta over fjelle,
so kom 'o Gu*l*ab*l*å
mæ lykla små,
o ette kom 'o gvite Sylveline.
Dæ va alle gjeitane mine.

KOM TE ME OM LURDAGSKVÆ*L*N.

(Frå Nore.)

Kom te me om lurdagskvæ*l*n,
då æ e heime åleine.
Då har e på me ein må*l*a skjinnfell
o lereftserken fin o ny,
luva uta svenskety
o finestakken grøne,
som noko meir skulde gjøyme.

E LÅG I MYRE.

(Frå Nore.)

E låg i myre
gjætte kjyre,
kom ein ka*l*v,
åt me ha*l*v,
kom ein lopp,
åt me opp,
kom ein stut,
dreit me ut,

kom ein knut,
bar me ut
i ein stor kjennak*l*ut.

I HÆLLINGDA*L*.

(Frå Nore.)

I Hællingda*l*, i Hællingsokn, i Hællingsiett,
der budde ein mann,
han vilde gjera gøtt
mæ surt o mæ søtt
o mæ røysekattkjøt,
om 'n hadde dæ.

DING DANG DENGJE.

(Frå Nore.)

Ding dang dengje,
bjøn 'n søv i engje,
Breie ligg på gø*l*ve,
såve lite, såve lut;
e gløymde kubbin min opreise.

LIA LIA ÅSEN.

(Frå Nore.)

Lia lia åsen,
der æ gøtt o gjæte,
der æ aller hverken vinn eller væte.
Der vekser lauken,
o der gjeler gauken,
der sitja fruerne
syr på gull-luerne,
der sitja sveinan

smijæ på gullteinan,
der sit 'n Ongersvein o skjenkje.
Kom mæ ditt fé,
her æ gras over kné;
kom Reikja, kom Smeikja,
kom Krita,
kom Sokketora, kom Sprita!
So reise me burtom Halann o Toten.
O tak mæ de skjinnfellen o gutin.

LARS TORSTRU O KJITTILL KØGGESTA O GJISLE LØSSTØGEN.

(Frå Uppdal.)

Lars Torstru mæ bron hest,
Kjittill Køggesta mæ vi kjeft;
O Lars Torstru æ ein bra mann,
o Gjisle Løsstøgen æ k*l*øvin uppi føe både
hesten o han.

GAMLE GURO.

(Frå Flesberg.)

Gamle Guro
slekte turo;
men lell så fekk 'o kje sleiva.

BOTIL Å HÆRKJIL Å KNYTIL.

(Frå Flesberg.)

Ho Botil ho bøtte, 'o sto sei så bra;
ho Hærkjil ho hærkte, 'o sleit nå så te;
ho Knytil ho knytte, 'o fraus mest ihæ*l*.

HEI SVEI DREI DROLL.

(Frå Svene.)

Hei svei drei droll,
lakki fakki ferdri foll,
dær skal stande tøll;
jei vil ikke lyve,
dær skal stande tyve!

KJENNER DU KJE MEI.

(Frå Svene.)

Kjenner du kje mei:
Je æ frå K*l*eiva
i Sleiva
i Slamhusgata,
dær 'n Pær høgge o*r*e-tyry,
dær uksen stanga stuten,
å dær bekken renn i mot-bakken.

KATTA SETTE OPP ENN VEV IGÅR.

(Frå Flesberg.)

Katta sètte opp enn vèv igår
mæ lange nøsør å vrange;
ho væfta inn både stikkur å strå,
å ælt dæ bøsse, som på go*l*ve låg,
så fekk 'o den vèven te enne.
Toppen han fekk både skjurte å brok,
å høna ho fekk enn jare,
katta ho fekk enn nøsøduk —
så rokk inkje vèven meire.

JE Å DU Å VI TO.

(Frå Lyngdal.)

Je å du å vi to
seila i enn tresko,
trekoen gvælva,
å vi datt te elva.
Je å du å vi to
seila i ett blekkspann,
å som vi kom te Engellann,
å møtte vi enn spellemann.

OLA DILT, OLA DALT.

(Frå Lyngdal.)

Ola Dilt, Ola Dalt,
Ola Spikesill å Sælt,
Ola Me—he—he.

JE HAR HAUG.

(Frå Flesberg.)

Je har haug,
dæ kjem enn over enn skaug.
Æ 'n fager å fin æ 'n min,
æ 'n hælt æ 'n blinn æ 'n din.

Lysgreiur.

(Frå Flesberg.)

Vi hadde inkje så flugst å sjå mæ i den tia je voks opp. Dæ va kje lampur å parafin fullt opp da, som dæ har vøre nå.

Nå' dæ lei te ju*l*, så skulde dæ støypæs lys. Da va dæ fysst å greie te tæ*l*jen, så den va brukele. Fysst hakka vi 'n i ett hakketraug så små vi fekk 'n, å etterpå så dengte vi 'n mæ enn håmmår, så 'n vart i *ein* deig å dæ fanns kje k*l*ompær ell muldrur i 'n. Dæ va kragefette ta krøttera vi nytta te detta.

Så va dæ å laga te veikær. Døm hølle best å kjøpe bommull å spinne trå sjø*l*ve te døm, fær grov trå va kje få hos kjøpmænnæn, å den va best. Så tok vi enn pinne, som va gjort te dæ, å sette enne e'n møllom knea å hølle 'n så 'n sto dær, å så tok vi tråen i lykkje kring denna pi'n å så lang vi ville ha veiken å la så mange tåttær te 'n vart grov nok, å så tvinna 'n møllom fingæn. Dæ va bra ha grovvorin veike fær da rann inkje lysa så. Dær veiken hadde vøre kring pi'n vart dæ ei lykkje, veit du, å den smetta vi inn på enn a'n pinne, å så tok vi å gjo*r*e enn ny veike, å saalessa hølle vi på.

Nå' vi skulle te støype da, så stelte vi uss mæ fleire pinnær å hadde fire—fem veikær på hver. Tok så fette, som vi hadde hakka å dengt, å brædde dæ i ei gryte, hadde kokannes vatn i ei slekk op-å-ne kjinne å slo fette oppå, så kjinna vart full. Dæmæ tok vi pinnæn mæ veikæn på, den enne etter den andre, å duppa ne'i å hengte døm etterpå over enn vass-så mæ lite snø i, så størkna fette fo*r*are. Fysste vennun va veikæn lite leie, døm ville bøygje sei, så enn måtte ta å tøygje i døm å rette døm, men nå' dæ lei på, gjikk dæ fæ*l*t så grett. Nå' enn hadde fått lysa så grove, enn ville ha døm, tok vi å kutta ta enn stubb, som vart neom veiken ta dæ atte fette rann neover, veit du, å dessa ennæn sleppte vi neatt i kjinna. Enn måtte passe på, så kjinna va full støtt, ellø vart lysa fær smale opp. Nå dæ minka møkte vi på att mæ kokannes vatn å tæ*l*j.

Døm lysa vi tenkte uss te bruke inne, gjo*r*e vi noko store. Men så laga vi *fjøslys* au. Døm va stuttære å smalære å va te bruke i fjøse. Dæ va den uvannaste tæ*l*ja vi bruka te dæ, å døm vart fulle ta vassblåsur og va leie te spraka. Vi sette døm i lyktir ta jarnblekk, som dæ va bårå pitrannes fullt mæ småhò*l* i, som dæ lyste imøllom; dæ va kje g*l*as i døm. Elles va dæ nå skjålyktir lengst attenne, men døm høgsær je fæ*l*t lite te. Nå' vi kom te fjøse tok vi gjenne lyse tor lykta å sette dæ i ei treklype, vi hadde ståennes i ei veggjerivju — så såg vi bære.

Så støpte vi ett lys, som va både lenger å gro-være ell døm andre. Dæ kalla vi *julelyse* å skulle vara te tenne ju*l*ekvæ*l*n å vara så stort, at dæ nådde

te te heile kvæ*l*n. Men lengst tebars skulle dæ brenne heile ju*l*enatta, mein' je. Ju*l*elyse hadde vi ståennes i g*l*ase så døm skulle sjå dæ lyste bo*r*i andre ga*r*ær. Dæ fø*l*gde høgti mæ dæ, totte vi, nå' vi såg dæ lyste i g*l*asa bo*r*imøllom bygda.

Te tollteftaen laga vi te ett lys mæ tri ærmær på. Neante ett stykkjy var dæ i ett, så deila vi veiken i tri tåttær å passa på jamna på døm mæ vi støpte så døm sprikte passele ifrå enn'nan. Dæ lyse kalla vi *hellig-tre-kongers lys* å dæ skulle tennæs tollteftaen.

Nå' lysa va fæ*r*i, tok vi pinnæn, døm hekk på mæ vi støpte døm, å stakk oppunner bje*l*kæn i take, å dær hekk dæ da i kjaugavis mæ lys, nå' dæ lei unner ju*l*.

Nå' vi brente lysa inni stugu hadde vi døm ståennes på bo*r*e ell skåpe i trestakær ell jarnstakær, å va dæ rekti gjildt liksom i ju*l*a å sålessa, så sto døm i blankpussa massingstakær. Men va dæ noko ærbe vi stridde mæ bo*r*i huse, anten kærmennæn ell vi kvinnfo*l*ka, så vi trong sjå væ*l*, så tok vi lyse å sette dæ i ei trek*l*ype å stakk den inni ei veggjerivju som vi gjo*r*e i fjøse. Denna k*l*ypa måtte vara noko lang, så lyse kom passele ut ifrå veggen. I gape va 'o tunnspikka noko å så k*l*emte vi lyse inni, så dæ skar sei fast å sto dær.

Spraka lyse mæ dæ brenn, så sa døm, døm hadde inkje holle tett, mæ døm støpte.

* *

*

Så kann je såvidt høgse, vi bruka *lyse,* døm kalla. Dæ va enn liten runn kopp, snødt vi som hanna mi, uthò*l*a ta heil ve, helst bjørk. Oppå brona på den enne sia va dæ hò*l*a tor ei lita renne, som gikk ut. I den renna la vi enn bommullsveike, lite grovære enn døm vi bruka te lysa. Den enne e'n ta veiken låg i enn ring ne'i koppen å den andre nådde lite utom brona. Så hælte vi tran i lysa å tente værme i den stubben a veiken, som nådde utom. Men dæ va kleint lys.

* * *

Tyryflisæn vart nå døm vissaste trive te lell. Bo*r*på mørkjin va dæ nok ta tyry å døm tok dæ, dær døm fannt dæ; dæ vart inkje rekna fær noko tjuveri om tømmerkjøræræn tok mæ sei enn tyrykubbe på slean, nå' døm reste heim mæ hæ*l*ja. Kråketyry va basn. Dæ va så fett at kjyro draup ta stikka nå o brann. Dæ va enn tama mæ å spika *f*l*især* au. Enn måtte sjå ann tree å ta dæ frå rette e'n å stavvekanten, elles fekk enn kje *f*l*isa* te gå. Dæ va helst 'n bestefar, som spika *f*l*især*. Han kunne ha heile kostæn liggannes på hylla oppunner take; så hadde vi å ta te. Va dæ noko enn skulle sjå etter, va dæ å tenne i ei *f*l*is*. Va dæ ett ærbe enn sat mæ å inkje hadde lys å tenne i, va dæ å ha ei *f*l*is* ståennes i veggen frammafyry sei å sjå ve denn. Nå 'o va enne på, va dæ tenne i ei ny ei.

Å så brente vi nå på *pisten* i den tia. Nå' vi inkje hadde noko koking fær uss, hadde vi gjenne ei tyryrot ell enn tyrykubbe, vi reste på enne inni

pisten, å nå' dæ tok te fata i denn, lyste dæ godt over heile stugu.

Nå' dæ lei på vinteren å vart kælt, brente døm nå' i ømmen, døm som hadde ømm da; men dæ va få stellur dæ fysste je høgsær. Da sette vi oppe ømmsdynna og la tyri*fl*især på plata frammafyry å såg ve dæ, nå' vi ka*l*a å spann ell hadde noko hannærbe fær uss, å dær sat ongæn å las på leksun senne. Om mårån koka vi kaffe'n på ommsplata, kårå frampå g*l*øæn, sette kjæ*l*en hæ*l*ta inn i ømmen, sko*r*a unner 'n på utsia å fekk 'n te koke sållessa.

I fjøse au bruka vi mykjy tyry*fl*især å sjå ve. Vi hadde gjenne ei steinhelle liggannes på go*l*ve te legge stubbæn på; da va vi tryggære fær værmen. Jamnan va ongæn mæ å lyste, ellå nørte vi på enn liten værme a tyry*fl*især på steinhella, så vi såg. Men i lyun å ute tom*l*a vi mest i mørkre. Dæ va kje så godt ofte; men vi vantes mæ dæ å gredde uss imøllom.

Skulle vi gå ga*r*møllom døm mørke høstkvællæn, va dæ å greie sei te ei tyrylogu å sjå ve. Va dæ enn nokoliten veig måtte ein *fl*yge som på ei hæ*l*ing, elles brann logo upp før enn kom-fram.

Den tia fisken gjikk om høsten stridde døm nå så mæ den ljustringa. Da gredde døm sei iveig mæ fleire tyrylogur. Døm hadde enn viuring i hver enne paa logo, så ho skulle bie ihop.

Slagting å slagteavdrått.

(Frå Lyngdal.)

Dæ va ei syn hoss'n døm pinte døm stakærs dyra før, nå' døm sku slagtæs. Døm gjo*r*e nå okke slo ell skaut døm da, før døm tok b*l*oe. Dæ kann vel vara så enn førrkjuge år sea, je va mæ 'n Pær Håve å tok ei kjyr. Vi holdt ennda te inni stugu, hugsær je. Da skulle je slø, å 'n Pær gjøre dæ andre. Dæ tenkjer je va mæ dæ æller fysste, døm bynnte slø nøsskrøttera å grisæn her i bygda. Men dæ æ vel kje meir ell trædve år sea døm tok te skjyte slagtedyra. Fysstunnes va dæ mange, som inkje vilde ha den skjytinga, døm totte dæ va kje førnøa øylegge på maten, som ei ku*l*e gjo*r*e, nå' 'o ha føre møllom hue på ett krøttør.

Nøsskrøttera å fenan slagta døm om høsten ve døm tier, døm sette inn buskapen. Døm berre ugjores, skulle døm stærve på døm ett bel utover, å så trong døm så væ*l* fore te døm andre, totte døm.

Grisen sparte døm te ju*l*. Han måtte tass på nymåne, fær da vart f*l*eske fastære å drugære. Mæ den andre slagtinga va dæ kje så mykjy etterfare antell dæ høvde på ny ell neæn.

Dæ va nokon hver som slagta, da som nå, å je har æller hørt, dæ va nokon skam i dæ. Ennæst va døm som slagta gampær; døm kælla døm *mœrre-flåœrœr,* å dæ va nå ett unemne. Men dæ kom sei vel ta dæ, at hestekjøtte va kje rekna fær fo*l*kemat. Fær enn kjaug år sea va dæ nå visst ingen her i bygda ta skjikkelene fo*l*k, som ville smaka hestekjøtt. Da åt døm heller bjønn å græv*l*ing. Men je veit nå jamvæ*l* 'n far svælla om, dæ *va* døm, som åt heste-kjøtt før i tia; men da va dæ nå nøa, som dreiv døm te dæ. Dæ budde nå fo*l*k bo*r*i ælle filleplassær da, å jamnan krudde dæ mæ ongær, å mat va døm på live fær, så døm laut ta dæ døm fekk. Men dæ va visst sjelden, døm heller nytta anna låra å bøgæn ta hesten. Fysstunnes allmindele fo*l*k bynte eta heste-kjøtt, så hållå døm berre tor dæ tykkæste i låra.

Men sjø*l*daua dyr åt døm æller; sjelden va dæ døm f*l*etta døm enngong, anna døm grov døm ne som døm va.

Nå' døm slagta gjeitebokkær, som dæ stramma mykjy ta, så rente døm i døm enn hæ*l*v dram mæ terpentin ell brennvin nettopp før døm skulle tass, å så va døm fæ*r*i å tok estesteinæn mæ samma, slag-tæren hadde fått b*l*oe te gått. Bækkræn rente døm inkje noko sterkt i, men elles så gjo*r*e døm likenns mæ døm. Detta gjo*r*e døm ta dæ, at dæ skulle inkje smaka så ta kjøtte da, som dæ elles gjør ta skekke dyr. Esta ta uksær å bekræer åt døm, dæ va enda rekna fær go mat dæ. Døm tok døm mæ samma, døm va værme å stekte døm på g*l*øæn, å så f*l*etta døm a skjinna, som æ uttapå.

Elles bruka døm mykjy å gjelle lamongær å gjeitongær; tok døm, nå' døm va tri vikur gam*l*e. Dæ va jamnæst kvinnfo*l*kærbe dæ, herover. Døm bruka enn skjære å k*l*yppte, å så k*l*inte døm råkjyru i såre. Dæ va ei gammæll ei bo*r*ante Grenna, som gjikk å ba. Ho va kje lengen om å greie dæ. Je høgsær enngong 'o va her, så kom 'o mor te nemne på, vi bu*r*e fått gjelt katta, ellø kom 'o te ta ut snart. Da veit vi kje a, før den gam*l*e skjinnvengja triv enn gammæll fillestakk, som hekk på senga, å katta å skjæren å drog ut. Så va dæ lite så kjemm 'o innatt med stakken å skjæren.

«Nå sprang dæ kjuge øre fær dei!» sa 'o te 'n far — dæ va ærbesløna dæ.

Fær lang ædele ti sea bruka døm å k*l*akke uksæn, å døm fortæ*l* dæ vart bruka på fo*l*k au. Dæ va enn gutt her i bygda, som hadde fått enn onge, å da mor hass fekk veta dæ, vart 'o så vill på 'n 'o k*l*akka 'n mæ 'n låg søv i senga.

Nå' grisen skulle tass va døm oppe i otta, griseotta døm kælla. Slagtæren fekk hæ*l*ve griseskællen i ærbesløn.

Fremmelenn kvinnfo*l*k måtte inkje vara mæ, nå' døm slagta; men dæ har je færta*l*t dei om før. Døm vanna å sjå på innvøllæn i ett krøttør au, nå døm gjikk slekk.

Nå' gam*l*e kjynnær skulde slagtas, ell døm skulle slø ihæ*l* enn hest, så vart døm b*l*inna, døm knytte ett tørk*l*æ over augo på døm. Dæ va så kje dyre skulle skjønne hå døm ville gjøra ve dæ. Åså va døm fæ*l*t rædde fær å sei noko om, at døm skulle slagtæs, så

døm hørte på. Inkje skulle enn ynkæs dyre noko hell, nå' dæ skulle slagtæs, fær da daua dæ kje så fort. Å inkje va dæ likannes, at dæ kom fremmenfolk gåennes mæ avlivinga sto på; døm tøttes stri meir dyra da, før døm slapp åv.

Døm va tiannes å allvårlenne, mæ døm tok live a dyra. Men nå døm va færi mæ dæ kunne døm ha lentur å moro fær sei. Va dæ nokon, døm hadde haug te nærre, sente døm døm bori enn ta grannegaræn å låne «Rovedrage». Je høgsær døm slagta i Nere Hommelia. Så va dæ ei framslengje, som tente der, døm fekk te gå te Berje å låne «Rovedrage». Han Tron skjønna nå hå detta begjikk sei å sente 'o iveig mæ ett par skåklær, 'o kom drassannes att mæ; å da veit du dæ vart moro.

På våmma æ dæ ei lita bruskskjive, dei kællær «Brura», som døm skjer vekk nå' døm opnar slagtedyre. Å så tok døm å sputta på denna skjiva, nemnde namne på enn gutt å ei gjente, helst nokon som va testess, å så hævde døm 'o i take. Kleste 'o sei te, så 'o vart sittannes fast opunner himlinga, skulde dæ bli ett par folk a døm, som slagtæren hadde para ihop sålessa.

Nå' slagtæren kom så langt, 'n skulle skjera åv beina å han inkje råka leen, hadde døm moro ta 'n, døm som va mæ 'n, fær da hadd 'n løge om mårån, før 'n bynte. Dæ va gammæll tru dæ. Men råka 'n midt i leen, så sa døm:

«Du har nok inkje løge mykjy idag!»

Levvera brukær døm å setta enn kors i mæ

kniven. Skar slagtæren denna korsen stor å djup, sa døm 'n fekk flåkjefta ongær; skar 'n korsen skakk, vart ongænn hass skakk-kjefta.

Dæ va somme ting som va uåte a dyre, å dæ skar døm a å kasta. «Salemonssteika»[1] stekte døm på gløæn å kasta 'o ut te ramn; men kom inkje han å tok 'o å reste mæ 'o, hadde døm den trua, at døm fekk ulykke på krøttera den vinteren.

På hjærte æ dæ nokon lause lappær vi kællær «Villøyro»; døm skjær slagtæren ællti a å hæv døm.

Dæ øvste beine i hælsen kællæs «Grålebeine». Før så hakka døm a noko ta dæ i den e'n som hadde vøre næmmæst hue, fær døm hadde den trua, at åt døm dæ, vart døm så grålinne.

I bogen æ dæ ett flatt bein mæ ett hòl i; vi kællær dæ «Minnebeine». Døm, som ville bli minnaue, så skulle døm setta detta beine innåt kjeften å eta imøllom dæ hòle. Va dæ nokon døm va sinna på, va døm færi å drog te Minnebeine mæ døm sat mæ dæ fær kjeften, så bloe sila, å dæ råka døm slo lause framtennæn. Du veit døm fekk som ett slags minne på den måten au.

«Beindokke» kællær vi dæ vesle beine, som sitt i «kneleen» på sauin; dæ bruka døm te vinne gån på. Døm bårå hòl imøllom døm, å nå' døm inkje bruka døm vart døm trædd på enn trå å hengt i ei kjippe på veggen. Sommetier hadde ongæn døm te leikur.

Ett ørlite bein, je trur dæ æ i låre, kællær døm «Brurebetan». Dæ har fått namne sitt ta dæ, at ei brur ska ha ete sei ihæl på dæ.

[1] Milten.

«Isbeine» kællær vi dæ store beine i bakdeilen på dyre, og som enn kløyver ifrå ennan, nå' enn oppnær slagte.

Fette på vomma kællær vi «nykju»; den tar slagtæren a mæ samma 'n har oppna. Dæ bli nytta i pølsematen. Fette på tærmæn æ kvinnfolka færi å pellær a såsnart dei får ti te; dæ æ «Plukkefette» å dæ au bli bruka i pølsa. «Kragan» tar døm nå' døm skjil åt å skæ gjøra vom å tærmær reine. Denna reingjøringa kallær vi «å gjøra tor bækken». Da må tærmæn vennæs å skråpås å skuræs å vaskæs å sjulæs; men dæ va nå mange før som gjora detta hell uvant.

Tor kjeften går maten møllom Væleren å ne i vomma. På nøsskrøttør å fénan æ dæ liksom fire færdeilingær på vomma: Storvomma, Veslevomma, Fillekallon å Høna ell Fela. Så kjem Ringtærmæn ell Kroktærmæn å i e'n på døm Kvisten, som ligg innåt døm andre tærmæn, så 'n må rivæs ifrå — døm kallær dæ «å kviste» tærmæn. Så bynner Rett-tærmæn mæ Båtten å Båttsystera, som dæ æ oppning berre i enne e'n på. Å te siste slutt æ dæ Ennetærmen.

Vomskjinne å Båtten ta nøsskrøttøra syr døm te blopølse. Da har døm gjenne bloe i ett knatraug å blannær dæ opp mæ jorheplerasp å fett å byggmjøl å lite krydd, så denna røra bli som hælta blo å hælta a dæ andre. Så stappær døm denna blomaten i dessa påsån, døm har gredd-te a vomsækken å Båtten å snurpær døm att mæ enn pølsepinne, som døm spikkær ta rakvoksta tørrgran å brenner døm lite i e'n,

så døm skæ bli ha*r*ære. Før hadde døm gjenne enn ser kopp, som va læɡga å sto på tribein, te legge b*l*opø*l*sa i, pø*l*sekolle døm kalla. Så strødde døm sælt på, så 'o laka sei, å da kunne 'o gjenne stå te ut på våren å 'o vart så sur at dæ song i 'o. Nå' b*l*opø*l*sa skulde brukæs te mat da, så måtte 'o kokæs, å da stekte døm gjenne noko flesk å hadde attve. Elles mått 'o nå gå-te lell au.

Noko ta b*l*oe har døm gjenne ståennes å har ta te te k*l*ubb. Nå' døm lagær k*l*ubb har døm aafte i noko jo*r*ep*l*erasp å så knår ell stampær døm i byggmjø*l* færresten, te dæ bli enn deig. Så tar døm ett emne ta denna deigen, legg enn fettbeta inni å bællær te enn flatvo*r*in runn bolle vi som hannloven min å legg 'n oppi kjøttmatgryta ell i ei gryte fær sei sjø*l* å kokær 'n sålessa. Men somme gjør nå opp heile store trauga mæ k*l*ubb å nå døm skæ bruk 'n da, så værmer døm 'n oppatt i ei kokannes vassgryte å et 'n både te bisk å attåt skjeimaten te meddas. Før så veit je dæ va allmindele døm sat mæ k*l*ubben i den enne hanna å skjeia i den andre å gnog av 'n å saup sø attve. Nyrefette æ gjævast i k*l*ubben, men døm brukær å anna au, å høver dæ så, døm har inkje fett, så legg døm inni enn f*l*eskebeta istaen.

Døm hølle dæ så gjævt før å drekke va*r*t gjeiteb*l*o, fær da skulle døm bli så freske.[1]

Levvera hakkær døm å har i p*l*ukkefett å jo*r*ep*l*erasp å lite mjø*l*k, så dæ bli som ei tykkvo*r*i villing å så stappær dæ i ringtærmæn å snurpær att mæ enn pinne liksom døm gjør mæ b*l*opø*l*sun, har

[1] Spræke og sprettine.

døm i ei gryte å færveller døm, å henger døm så over ei rå unner him*l*inga å tørkær døm. Levverpø*l*sa kokær døm anten i kjøtmaten ell steiker 'o i panna å gjør duppe på.

Longun å hjærte å kjøtte døm plukkær a skallen, hakker døm å lagar te longmoss. Helleren har døm au i longmossen nå, men før mein' je døm gjo*r*e k*l*ubb ta 'n, hellerk*l*ubb døm kælla.

Nå' slagte æ sunnlemma, tar døm å skjær ta ryggen mest ælt dæ kjøtt, som æ å få. Mestedeilen ta dæ brukær døm te hakkekjøtt. Før la døm dæ i ei hakketroe å så hadde døm gjenne parknivær, enn i hver hann, å hakka dæ så smått døm fekk dæ. Så stappa døm denne kjøttdeigen i Ret-tærmæn, å resten sette døm bort å stekt 'n i panna ettersom døm bruka a 'n. Kjøttpø*l*sa hengjer døm opp å tørkær som døm gjør mæ levverpø*l*sa, å så bær 'o åt bua, å nå' gauken gjæ*l* om vaaren æ 'o spikji, å sålessa æ dæ helst 'o bli bruka.

Slagsiun syr døm ihop te rullærpø*l*se å legg gjenne noko ta ryggekjøtte inni.

Skællen å labbæn å rova ta grisen gjør døm te sylte. Kokær dæ å legg dæ i sæltlaka te dæ bli dugele sæltbiti å så et dæ kælt.

Nykjufette ta grisen kallær vi b*l*okur. Døm rullær døm i to tullær å syr døm ihop å henger døm bort å har døm te ister å brukær døm te steike i, smørja kjyrpattæn mæ om såmmåren å anna.

Ta plukkefette ta grisen lagær døm smult. Døm hakkær fette smått i ei hakketroe å brær dæ i ei gryte å silær dæ å sett dæ bort te dæ størknær. Så

tar døm dæ att å sæltær dæ, å før så veit je døm blanna gjeiteprim i å somme bruka sukker å kannell. Smulte bli eti istaen fær smør.

Kjøtte å *fl*eske elles bli sælta ne i trekar, som døm brukær berre te dæ. Om våren tar døm dæ oppatt tor sælta, å før så hadde døm dæ på basstaua å røkte dæ mæ bresk da, å så henger døm dæ opp i bua.

Dæ kunne hange den enne raja etter den andre mæ kjøtt å *fl*esk i bua før, på døm stellun dæ va noko væ*l*stann. Sålessa kunne dæ bli fleire år gammæ*l*t. Døm åt mest æller færst da. Den gam*l*e maten va helsugære, trudde døm. Å drugære va 'n nå veit du.

Døm stelte sei ællti så døm hadde lite brennvin til slagtinga, å slagtærn fekk enn dram lite-attimøllom, slagtærdrammær døm kælla. Aa ja, dæ vrei sei nå jamast te nokon fær døm som va mæ au.

Å så va dæ nå fast skjikk å koke rømmegraut slagtærdagen, såsant dæ va rå mæ dæ.

Te grænnæn ikring sende døm *fl*eskebetær å rullærpø*l*sur te kjenne på, nå døm hadde slagta.

Døm bruka mest berre heima*l*en krydd i kjøttmaten før. Dæ va timian å lauk å pærsille å kærve.

Megblåsa bles døm opp mæ ett hæ*l*mstrå å hengte opp å tørka. Nå' 'o va væ*l* tørr da så tok døm 'o att å smurte 'o mæ lite fett å redde 'o møllom hennæn å tøvde 'o på bukselåre, så 'o vart noko avlang liksom enn påså. Finast vart slekke påsår a griseblåsa. Døm vart bruka te ha kaffe å sukker å risengryn å slekt i. Men nå æ dæ slutt mæ døm au lengen sea.

Høna ell Fela i kæ*l*vemagan bruka døm te løype. Nå' døm ville ta løype ga døm kæ*l*ven dugele mjø*l*k før døm slagta 'n, å så drygde døm lite da, før døm tok 'n så mjø*l*ka fekk breste. Så renska døm rein denna osten, dæ æ så mykjy ruskeri i 'n, blanna i noko småbresk å hadd 'n oppatti magapåsån, snurpa 'n ihop mæ enn breskepinne å hengt 'n oppunner himlinga å tørka 'n. Nå' døm skulle yste da, så la døm gjenne dennan påsån i b*l*øyte i noko mysu dagen fyreåt. Denna mysu kælla døm løypesløg, å *den* va dæ døm bræsta mjø*l*ka mæ.

Storvø*r*ne uksehønn ska*r* døm te å sette bått i å beslo døm å bruka te kruhønn.

Bokkehønna renska døm reine å ska*r* te å hadde te tutærhønn. Ell så gredde døm te prillærhønn ta døm. Dæ va ljøhò*l*ur på døm å dæ va ei syn te vent somme kunne prille på døm. Dæ va nå helst hø*r*ingæn som stridde mæ dæ. Enn kunne høre, døm let å svårå ennan mange mæ enn gong. Døm høgge ennan mæ detta. Å dæ va heiltopp som krøttera høgga sei ve denna låten au. Døm tøttes æller gå så rolenne å eta å kose sei, som nå' hø*r*ingen sat oppå enn stein ell enn stubbe å prilla på hønne sitt.

Kjyrhønna koka døm å ska*r* opp å gredde te lusekammær a.

Huin ta nøsskrøttera bærka vi te lé. Dæ va mange venningær mæ den bærkinga. I håbællen la vi huin i bløtt i ett vasshò*l* å læt døm ligge der å bli væ*l* møllombløtte. Så vart døm lagt i limrøyte. Strødde døm inn mæ hu-lim å la døm i enn ho*l*k å slo over døm tunn limrøre. Hu-lime døm kalla, va

brænnt kælk, å lim-røra va brænnt kælk å vatn. Åv å te måtte vi lea mæ huin å røre i denna holken å la døm ligge der, te døm slepte håra. Så tok vi døm oppatt å skråpå a håra. Jamnæst bruka vi berre ett veatre te dæ, spikka te enn egg på dæ da, ser du. Dæ va kje godt bruke noko eggejønn te detta, fær enn kunne så svint kåmmå te ska håremmen. Tøttes vi huin va hell tunnvorne, råka dæ vi la døm neatt-i limrøyta, så døm fekk ligge å krype noko meir. Etterpå skjulte vi døm væl reine i rennannes vatn.

Som dæ va gjort, gredde vi te ørebærk ta granbork å vatn i ett stort bærkekar å trække døm te der. Brette døm ut så vie døm va å stappe døm ne'i; men dæ måtte gjøras færsikti så hua inkje vart liggannes i rukkur, fær da vart dæ brone flekkjir på 'o. Sålessa la døm den enne åvåpå den andre. Dæ va nå så mykjy bork i denna røra, at døm låg inkje nettopp innpå ennan. Te hver dag måtte enn røre i denna bærken, å ta opp huin å mente å mjuke mæ døm. I denne røra måtte døm ligge enn tri vikurs ti.

Da tok vi døm opp å øste bærkerøra tor kare å stelte uss mæ ny bork, mest granbork, men nokolite bjørkebork au nå, fær den skulde vara te gjøra lée fast. Så la vi huin neatt i kare, brette døm inn så døm vart liggannes flatt, men enn måtte ællti passe på, så dæ vart ei flo mæ bork imøllom, å så slo vi den gamle ørebærken over. Der låg døm da rolenne te næst fyry jul. Da tok vi døm tor å hengte døm opp å tørka døm.

Bærkekare hadde vi ståennes i fjøse, der hølle dæ så passele lonken.

Nå' skomakæren kom te ga*r*s da å skulle gjøra sko, så va dæ dæ fysste 'n gjo*r*e å bløyte huin å ta kjøsska a døm mæ enn rækkespa. B*l*ae på den rækkespaen va pålag fem tommær brett å skafte så æ*l*na lang. I é'n på skafte va dæ ett lite tvertre som på ei krykkje. Detta tvertree sette 'n opp i ærmestaupe, nå' 'n bruka spaen, å dæ va sætt på skafte, så dæ sveiv runnt, å spaen kunne vriæst te imsne siur som dæ høvde å trongs te. Nå' han rækte, så la han hua over enn krakk å sto på 'o mæ dæ enne knee oppå krakken å holle 'o mæ vinstre hanna å strekte 'o ut neimot go*l*ve, styrte rækkespaen mæ høgra, å slekk tok 'n stykkjy fær stykkjy, te 'n ha føri over heile.

Så sette han sei skrævs over krakken å tulla å menta å ærbette mæ hua å redde 'o, te 'o vart tørr, å da skull 'o sværtæs. Døm hadde heile myssjun mæ gammælt jønnskrap på ei f*l*aske å slo sur mysu på å læt dæ stå i lang tid så fekk døm sværte. Denna sværta hadde skomakæren på ei fille å gnudde inn hua mæ, å så redde 'o tørr att.

Da va 'o fæ*r*i te smørjæs. Smørju laga han te a kjyru å tran, lonka lite på 'o, duppa ei fille ne'i å smurte over hårremsia fysst å redde mæ hua te denne smurninga gjikk inni, å så hadde han på enn gong te på samma sia å redde inni dæ au. På vrangsia hadde 'n på berre enn gong å gjo*r*e likenns da.

Dermæ va da hua fæ*r*i te gjøra ta.

Te su*l*elé tok skomakæren a dæ tykkæste a bakparten på uksehuin. Elles kjøpte døm nå mest su*l*elée, dæ je høgsær.

Nå' vi bærka kæ*l*veskjinn, bruka vi vierbork, da vart døm sa gvite å fine. Døm vart bruka te kant på øyresko å spennelérsko.

Sommetir ska*r* vi fetin a huin å bærka døm berre i rørebærk å gjo*r*e lønnesko a døm.

Nautehåra spann døm enngjengt å vov te unnerp*l*ægg i senga, å tvinna te overp*l*ægg. Aa så spann døm nautehårsgån å vov te unnerstakkær å hånndasstakkær.

Hæstetæggle vatt vi fiskesnøre a. Dæ va nå kje bruka andre fiskesnøre før. Hadde kva på å tvinna døm i k*l*yppun.

Saueskjinna samla vi på å fekk gjort skjinnfellær a. Skjinnfellmakæren fór frå ga*r* te ga*r* liksom skomakæræn å skræddæræn. Dæ va nå helst om vinteren.

Dæ va mange venningær mæ skjinnfellskjinna au, før dæ vart skjinnfell a døm. Dæ fysste, skjinnfellmakæren gjo*r*e ve døm, va å skjæra åv beina å huf*l*åtten. Så koka 'n sæltvatn å bløtte døm i dæ. Ja, 'n duppa døm kje ne'i vatne, han hadde enn k*l*ut 'n fór over døm mæ. Etterpå la 'n skjinna i enn firkant å tulla døm i enn rull å la døm ligge slekk te om mårån, så tok 'n døm att å såg døm over, å va dæ tørre f*l*ekkjir, måtte 'n bløyte døm igjen Nå' døm va væ*l* imøllombløtte, så døm hadde vørte mjuke, så rekt 'n a døm kjøsska, liksom skomakæren

gjo*r*e mæ huin, å så smurte døm mæ tran å redde døm tørre. Nå' dæ va gjort, måtte 'n ha støypelut å grønsåpe å vaske skjinna i. Støypeluta faar enn, nå' enn slør kokannes vatn på oske; oska ta bjørkeve æ best. Etterpå tok 'n døm ett tak mæ rækkespaen att å mjø*l*e døm lite, så døm skulle bli gvite å fine, å så redde på døm. Så vart døm hengt opp te tørking. Je veit, 'n kunne ha enn to—tri skjinnfellverkje unner ærbe mæ enn gong, å dæ hækk skjinn, så dæ va ratt unner take, fær 'n måtte nå hølle te inni stugo mæ detta.

Nå' døm va væ*l* tørre da, så k*l*ypte 'n døm te. 'N kunne kje k*l*yppe a døm så 'n fekk bort døm snaue flekkjin i svangæn, der laut 'n sy på nokon lønne lappær, svangelappær vi kællær, å så råka dæ 'n sydde i nokon spjotær au, så fellæn vart større, davisst va dæ små skjinn. Taksten va sju skjinn i hver skjinnfell. Neante på skjinnfellen sydde 'n fysst ihop to skjinn så lengda på skjinna vart tvertover, å så to te på samma måten, som vart sydd innått døm fysste. Øvst sydd 'n ihop tri skjinn, sålessa at lengda på skjinna vart etter lengda pa fellen, fær da vart 'n noko viære opp, å dæ va nå bra veit du, å så sydde 'n døm innåt døm andre. Åvå på fellen sydde 'n på ei tuste i hvert hynne å ei mitt på, mittitusta, vi kællær. Dæ skulle nå vara te lite stas, å så va dæ så mykjy døm ennesnudde 'n inkje.

Dæ siste skjinnfellmakæren gjo*r*e va å må*l*e skjinnfellen. Han skov rognebørk å tørka å mo*l* 'n å koka 'n i vatn å bruka denne løgen. Så hadd 'n nokon

stemplær, som 'n hadde denna færga på å sette nepå. Døm va imse lag på, runne, trikantær, prikkær å sålessa. Mæ dessa laga 'n te liksom rosur å figguræer mæ mange lag på.

Skulle skjinna vara duglenne te skjinnfell, måtte sauin vara k*l*ypt minst fem vikur, før døm vart slagta. Te meir striulla sauin va, te bære va skjinna té skjinnfellær. Skjinnfellmakæren passa ællti på å fekk døm lønnæste skjinna nest på fellen.

Trå te sy fellæn mæ spann døm a heimeav*l*a lin.

Skjinnfællæn æ fæ*l*ande sterke å værme å goe p*l*ægg. Om vinteren æ døm umissannes. Men døm æ noko leie mæ dæ, dæ vil gjenne samle sei uty i døm.

Men nå æ dæ snart slutt mæ skjinnfellæn au. Etter 'n gamle O*l*a Åsen æ dæ mest ingen som økke kann ell vil gjøra døm.

Bukkeskjinna semska vi, ell sende døm te byen til garværæn å fekk døm stamperedde, å så bruka døm te bukseverke. Men dæ au har je færtalt dei om før.

Busta etter ryggen på grisen gjo*r*e døm nokon små børstær a te fiffe håre mæ. Dessa børstæn va runne å så enn par tommær tvert over å telaga berre a bust å kva. Je veit nå 'o gamle Anne Kjø*l*ås, kjæringa te 'n Ju*l*, gjo*r*e a døm å gjikk i ga*r*æn å bytte døm bort å fekk att noko levemåte fær døm.

Men den stivæste å finæste busta b*l*adde vi nå tor te skomakærbust, te setta i e'n på bekkarispa.

Resten ta busta kallær vi griseull. Den vart bruka te ståpp i hestesælær å o*r*eringputur, men dæ meste ta 'o vart spønne te trå, som døm la bustetreip ta. Nå' døm skulle legge slekke reip hadde døm ei serskjilt gogn te dæ, døm kælla Reiplegge.

Kjempekaræer.

TRULSEGUTEN.

(Frå Lyngdal.)

Trulseguten va enn kjempekar ifrå Hællingdæ*l*, som dæ sto stort o*r* a ei ti.

Dæ va på Kongsber-mærken at 'n gamle Kjittil Løken ifrå Rølla å 'n Steinær Sløsmærken ifrå Hællingdæ*l* va kømme i o*r*rék, å så skulle karæn prøvæs i dragsmål, å dæ va sett opp k*l*ukke mot k*l*ukke i vesett. Så bar dæ ihop mæ døm da, men så va dæ så i drage, dæ hell ville gå på 'n Kjittil, å han ville te bruke voll. Da strauk han Steinær agå*r*e, fær dæ vill 'n inkje gje sei mæ på. Dæ hadde samla sei enn fo*l*kehop der på Hestetørje, så dæ va reine grovt, å 'n Kjittil fór nå der å lét å kruka.

Lei på lite der kom 'n Steinær att mæ Trulseguten. Han hadde knept opp skjurta å bretta 'o tesies, så 'n gjikk å f*l*ækte mæ berre bringa. Da 'n kom bo*r*åt, tok 'n sei berre mæ enne hanna nepå aksla åt 'n Steinær å gjo*r*e ett sprett så høgt, at døm såg skosu*l*æn hass over heile folkereia, sa 'n gam*l*e Hellek Gautneb, han sto ett stykkjy bortpå, han, å

såg te dæ. Men da va dæ kje lengen, før dæ vart folketomt på tørgje hell.

* * *

Enngong 'n gamle Andres Haugænn kom frå Branes, hadde vøre på mærken der, så va 'n inne på enn gvilesta, skæ undras om dæ inkje 'ette Grinna der. Så va 'n nå full Andres da, å kjipen kar va dæ au — så omfram frisk, ser du, at dæ va nå mest som ei syn dæ, men liten.

Som dæ lei på, kom dæ nokon hællingær au, som hadde vøre på mærken, å lite lystuge va døm. Enn a døm va Trulseguten. Da 'n hørte hoss'n Andres bråkå å stamma å kjåstra å lét i, at dæ hadde hennt så titt, at ei lita tuve hadde velta ett stort lass, da vart dæ liv i hannom au. Tok sei mæ uttaste fingertuppæn nepå disken, dæ va handel au dera, å skaut sei over, att å fram nokon vendur.

«Her ska me òg sjaa ein kar, som inkje våro kruksin or reisen!» sa 'n.

Men da hadde nok Andres tagna.

* * *

I enn plass uti Bingen, 'ette Kjinnes, budde enn kjempekar, dei kalla Leirskællen.

Enngong, je tenkjer dæ va på Branesmærken, så råka 'n uvenner mæ Trulseguten, å døm hølles ett bel. Dæmæ så veit døm kje ore a, før Trulsen skaut sei opp på akslinn te Leirskællen å slo 'n i tråkka å banka på 'n.

«E skulde slø sunnt hue på dei, om dæ va a stein, ennskjønt dæ berre æ a leir!» sa 'n.

Ja da fekk 'n nok ma*l*e pøken sin.

* * *

Så va dæ på Kongsber-mærken ett år. Da va dæ møtt fram ein vegjeten kjempekar, som fór frå mærken te mærken å va frikar hå 'n kom hen. Dæ va samla så endeløst mykjy folk ennstann, dæ va nå vel på tørje da, ve je, å så kom denne kjempekaren riannes beint på folkereien, som 'n ville trø døm ne unner hestebeina. Da kom Trulseguten fram å tok hesten i hue å helt 'n. Men da kann dæ henne, 'n song opp! Dæ va så dæ spruta a 'n, å 'n spurte Trulseguten, om *han* meinte, 'n va nokon kar.

«Nai, e æ ingjin kar,» sa han; «men e æ rædd før helsa mi, e. Men e vil bea de so snilt, at du inkje vil rie på følkje.»

Då hoppa hin ne av hesten å bo*r*åt Trulseguten, å då va 'n så vill, at frøsen sto a 'n, å ei ufyse va dæ så stor å fæ*l*. Trulseguten va fæ*r*li å reiv skjøll-luva a skællen sin å hævde bo*r*over folkeflokken. Storkjempa totte nå vel detta va ett rart påfunn å snudde sei å glante etter luva. I dæ same va Trulseguten fæ*r*li å slo 'n i tråkka å banka 'n, så 'n låg att på staen.

Dagen etter kom denna mannen på gata mæ innreiva hue å spurte etter Trulseguten, men da hadd 'n rømt ta byen.

Trulseguten hadde sagt etterpå, at 'n æller hadde ti 'n, hadd 'n kje hævd luva si.

* * *

Trulseguten bruka æller hannbø, nå 'n va i tak, fortæ*l* døm. Han hadde enn son, som au va kjempekar; men han gjo*r*e som døm andre hællingænn, han spøkte mæ kniven, fysst dæ va noko. Kniv-hællingænn va vegjetne døm, veit du. Da far hass såg detta, vart 'n så brennvill å meinte på dæ, at kunn 'n kje vara kar på an måte, så va dæ bære la vara mæ kjempeskap.

'N vill inkje veta a, at son tok si te mæ nokon ugjè*r*ir.

TØRJØR KOPANGEN Å JU*L* HOMMELIA Å KRESTÅFFER MØLLOM-BEKJON.

(Frå Lyngdal.)

Døm va brøær å kjempekaraær ælle tri. Men Kreståffer va nå basn. Han va mindre hell døm andre to, men likom så snellbygd. Å så slike gåvur te kjyte! Han å Knut Bakke va i tak. Gamle Knut fór nå au mæ noko kjempeskap, veit du.

«Æ dæ så, du vil setta opp mæ mei, skæ je banke dei, så kjæringa skæ måtja hente dei mæ hest å slea i mårå!» hermer døm etter 'n Kreståffer.

Da to*r*e visst inkje Knut ana gje sei.

Etter 'n vart gammæll, han Kreståffer, så færta*l*t 'n om varpa sine, mæ 'n va ong.

«Je va så vitt ett løyte,» sa 'n, «at je hadde fanten overenne å b*l*oe te gå, før 'n va fæ*r*li te ta igjen.»

På Kongsber-mærken møtte nå dessa karænn opp, å va frampå da, veit du. Dæ va visa dæ, at

hadde dei rudd enn dansærsal, så va dæ å fløtja sei te enn an å gjøra rødi hus der.

Døm va nå o*r*gjetne au lyngdø*l*ingænn te vara k*l*andrine, nå døm kom på fremminne stellur. Å kom dæ utbygdes fo*l*k *her*, så va døm fæ*r*i te ha døm på hønna.

Enngong, 'n Kreståffer å non andre kom inn på Vessmann-dansærhuse, gjikk der enn vessmann å bretta sei på gø*l*ve å røkte på ei stor søllbeslinn pipe. Da va 'n Kreståffer fæ*r*i å smelte te 'n mitt i kjeften så b*l*oe rann. Men da hadde visst nommedø*l*ingænn måttja ti beina på nakken te slutt.

'N KRESTÅFFER GAUTNEB.

(Frå Lyngdal.)

'N Kreståffer va enn fæ*l* rytter, dæ. Kjempekar å dæ a fysste slage au. Dæ va nå han, som bar bjella heromkring i æller-så-lang ti. Så gørrstærk da, ser du, å så fresk telikemæ, at *je* har nå æller sett hass like.

Fysste værpe 'n gjo*r*e, va vel da 'n svævde 'n gam*l*e Andres Haugænn. Den Andress'n va enn, som æller kunde holle fre, anna 'n låg å rissa på fo*l*k, hå 'n fór henn. Så va dæ uti byveigen, je tvelær dæ va i Gvila. Han Kreståffer va vel berre så nettopp vaksinn denti, men 'n tegna nå te å bli enn, som inkje vart så go å k*l*å sei på. Så ville vel 'n Andres døyve på 'n i tiær da, va overslaga, å stamma å kjefta å ók sei etter 'n. Kreståffer fór unna ett bel, ong va 'n å rædd au, tenkjer je, for Haugæn'n va ve-gjeten fær skarvestykkjo senne. Men så va

dæ vel, så 'n såg sei kje an utveig teslutten, da væ, å så smelt 'n te 'n, så 'n låg der. Dæ va fleire i følje, å døm tok 'n Andres å la 'n opp i ei kolkørj — å da va dæ i lang ti, døm kunne inkje mærkje andre livstegn hell at 'n dr... Men dæ va kje lengen, før 'n va liksom samma ruggen igjen. Dæ va slikt ett færunnerle togje i den mann. Dæ va så åfte dæ, at 'n fekk nokon skrællær, så 'n kunne tru 'n vakna kje meir. Men jadd'n gredd 'n sei lell.

Han Kreståffer hadde nå visst dri te noko harenn, han au den gongen, fær 'n hadde sli-åv ei beinspitu i ærmen sin, så 'n va unyt etter.

* * *

Dæ va på enn aksjon i Øvre Bakli. Der hadde dæ råtta sei ihop enn heil flokk a døm likæste karæn skulle vara, å da skulle døm ta «Store Gautnebben», som døm kælla 'n Kreståffer, fær dæ va nå som dæ gnog døm detta, at 'n va frikar. Je veit nå, 'n gamle Anunn Li va mæ, å dæ va nå reine tak i den karen ett bel, å så hadde døm stelt 'n Gullek Letmolia frampå te trætte å elke på 'n, fær der va nå kjeft, som smurte sei der.

'N Kreståffer tok te lure på detta å færsto snart meininga, fær 'n såg både den enne å den andre sto jamna mæ følleknivær i nevæn. Dæmæ gjore 'n ett sprett på golve å færmeinte sei på, døm kunne kåmmå, va-så-te døm va huga, *han* va kje rædd. Men da skvatt døm unna te ælle kantær å tore inkje bry sei meir.

* * *

'N Kreståffer va kje a døm, som *e*lka på fo*l*k. Je va nå ihop mæ 'n både full å fastannes, men hørte æller ett ustolt *or* ta 'n. Men va 'n full så romla 'n nå å kjytte så uti være, veit du.

På Kongsber-mærken spella 'n frikar i æller så mange år. Han va slek heiltopp overkar, at dæ va skjelden, 'n va i noko rettele tak — døm ga sei før.

O*r*tøkje å ta*l*emåtær

(Frå Lyngdal.)

1. 'N veiær lite mæ den hunn, enn må jaga teskøgs.
2. Viljan dræg hæ*l*ve lasse.
3. *Ett* tre kann inkje brenne
   å *ei* kjæring kann inkje skjenne.
4. Te meir enn rører i lorten, te meir luktær dæ.
5. Ælt dæ som fyller så før dæ,
   å ælt dæ som mettær så gjør dæ.
6. Grauten har fødd opp fleir ell 'n har sli-i-hæ*l*.
7. Nå døm får stø-mor, får døm stø-far au.
8. Dæ æ værst, før 'n bli gift, sea bli dæ værre å værre.
9. Sjø*l*gjort æ væ*l*gjort.
10. Kvællhei å gjentenei vårår like lèngen.
11. Den som fysst kjem te kvenna, fær fysst ma*l*a.
12. Enn ser ingen lènger enn te tænnæn.
13. «Nå skæ du sjå!» sa mann te den b*l*inne mærra.
14. «Dæ æ gott ælt, som æ unna-gjort,» sa mann åt bisken om kvæ*l*n.
15. Dra på saga!
16. Mykkjy vil ha meir, å fa'n vil ha fleir.

17. Færmykkjy fint æ au stygt.
18. I utia skæ trolla dræpæs.
19. Dæ æ kje lènger berj-imøllom ell trolla træffes.
20. Enn skæ stikke fingen i jo*r*a å lukte dær enn æ.
21. Han likjes kje tor ætta!
22. Dæ æ som å skvette vatn på gåsa.
23. Utta b*l*ank, å inna krank.
24. Dæ går nå enn dag i senna.
25. Ho va stø som ei brur.
26. Dæ æ sikkert som enn lås.
27. Han k*l*iv ga*r*n, dær 'n æ lågæst, han au.
28. På sei sjø*l* kjenner 'n andre.
29. Dæ som ligg på longa,
kjem på tonga.
30. Døm onge skæ 'n agte,
døm gam*l*e skæ 'n slagte.
31. Den som vil ha ælt dæ enn ser,
må gråte, nå' andre lær.
32. Den, som grip etter ælt, misser ælt.
33. Den som inkje passær må*l*,
må supe kæll kå*l*.
34. Enn skæ ta skjikken, der' n æ å inkje bæra 'n mæ sei.
35. Han slår på skåka å meinær mærra.
36. Den som inkje vil vara ute, nå' so*l*a skjinn,
må vara ute, nå' svina grin.
37. Unnadrygsla tek ve ælt 'o får — å glaner etter meir.
38. Enn lærer så lèngen enn lever.

39. Lærer enn inkje anna nå' enn bli gammæll, så lærer enn å gå sagte.
40. Han hølt mæ den, enn ét mæ.
41. «Den som såver, synder ikkje!»
42. Brennt bån skjyr ellen.
43. Dæ æ sønn å gje bakæren brø.
44. Den som vitt vankær,
han litt sankær,
45. Slit silke fær ærmo.
46. Så pèng', å høste ærmo.
47. Den, som gjer, te 'n tigg,
skæ 'n slø, te 'n ligg.
48. Go krok skæ tile krøkjæst.
49. Dæ kjem gråt etter knesalåt.
50. Hver fuggel syng mæ sitt nebb.
51. Dæ skrik inkje dæ romme, som tomt æ.
52. Vatne renn mæ myllæren søv.
53. Nøa driv ei nakjenn kjæring te spinne.
54. Dæ lègs vise te fær den, som kvea vil.
55. «Dæ æ kje så grett,» sa gutten fekk bekk i håre.
56. Der dæ æ hjærterom æ dæ husrom.
57. 'N lègg kje to sillær på ett fat!
58. To store rømmes inkje i enn sækk.
59. 'N syp den kå*l*en, 'n sjø*l* har sputta i.
60. Nå' dæ regnær på præsten, så dryp dæ på k*l*ukkæren.
61. Ha va*l*e å ta ska*l*e.
62. 'N ventær inkje fær lengen, den som ventær på enn go du*r*e.
63. Te meir 'n drekk, te meir tystær 'n.

64. Hver karær te si gryte.
65. Som 'n reier, så får 'n ligge.
66. Dynneståkk-mila æ drugæst.
67. Enn skæ kje kjøpe katta i sækken.
68. Botlaus som præstesækken.
69. Snille bån tuktær sei sjø*l*ve.
70. Ei ulykke kjem sjelden åleine.
71. Enn får måte munn etter matkopp.
72. Dæ va vel så laga.
73. Gjør som du vil, så gjør du, som du æ te.
74. Tjuven har bruk fær ælt ting.
75. Dæ æ kje meir, enn båten bær.
76. Han æ kje anna kjeften å bakbeina liksom gauken.
77. Han la i veig stavlaus, han au.
78. Æ dæ kje noko vonnt, så æ dæ kje noko gott hell.
79. Dæ æ bære enn liten å ra,
hell enn stor å sta.
80. Dæ va vel fjusk i k*l*ubben dær, vet-je.
81. Han va vel ute på revak*l*øær idag.
82. Dæ æ mange gjè*r*inn på snusdåsinn.
83. Dæ æ kje ælle gæ*l*ningær på *ett* vis.
84. Dæ æ bære vara livlaus ell rålaus.
85. Gjeita treng kje sneie grisen fær lange kjåkår.
86. Dæ æ færseint å snyte sei, nå' nøsønn æ borte.
87. Ingen æ så lang, at 'n inkje må tøje sei,
å ingen så stutt, at 'n inkje må bøyje sei.
88. «Lite, men gott,» sa mann patta katta.
89. Dæ æ kje gull, ælt dæ som g*l*imær.
90. Enn kann kjøpe gull færdyrt au.

91. Tjuven trur, at hver-mann stæ*l*.
92. Dæ æ fleire ét sei te fant ell som drekk sei te fant.
93. O*r*e fær viære ell mann.
94. Dæ æ k*l*ein fuggl, som skjæmmer sit eie reir.
95. Nå' fanten bli rik, bli 'n fa'nlik.
96. Der magta æ der viser 'o sei.
97. Nå' båne fær viljann sin, så græt dæ kje.
98. Dæ æ uvannt i, nå 'n har kongen te mobro.
99. Dæ bære vara fyry vár, ell etter snar.
100. Nå' musa æ mætt, æ mjø*l*e bækst.
101. Nå' én'n æ go, æ ællting gott.
102. 'N rir inkje den dagen 'n sálær, den gutten.
103. A bån å fulle fo*l*k får enn vèta sanninga.
104. Ønskje i den enne nevan å sputte i den andre — du får like mykkjy.
105. 'N æ ælle stanna liksom hestelorten.
106. Etter enn samlær kjem enn øyær.
107. «Dæ får vel før vara da,» sa gutten sku ha havremjø*l*.
108. Enn må så mangt låte,
så båne skæ kje gråte.
109. Saka mann æ lett å råke.
110. Dæ æ k*l*ein kvige, som inkje danssær mæ kæ*l*ven.
111. «Dæ kje fær stasen, dæ æ fær lusa,» sa guten k*l*ypte håre.
112. Dæ æ æller så stor ei ulykke, at dæ inkje æ ei lykke.
113. Dæ æ mange bakkær i sjøen.
114. Den veit mykkjy, som veit å tia.

115. Spå inkje dagen, før 'n æ enne.
116. Tjuv stæ*l* frå tjuv, te tjuv inkje får.
117. Dæ sværte svier inkje, å dæ gvite biær så lite.
118. Den slemme dreg inkje meir på enn hå*l*is.
119. Dæ æ inkje ælle like gvite,
å inkje ælle like rike.
120. To skjelling tuggæ,
å enda va 'o mugga.
121. «Hå æ du ifrå,» sa den eine.
«Je æ frå Eiker.»
«Ja dær stæ*l* døm, ælt døm steiker.»
«Men du da?»
«Je æ frå Lier.»
«Ja dær «luer» døm ælt dæ døm sier.»

INNHALD







Flatin

Gamalt frå Nume-dal

IV

